



**Høgskulen
på Vestlandet**

BACHELOROPPGÅVE

**«Forvaltning av lesing som grunnleggjande ferdigheit i tre ulike
lærebøker for mellomtrinnet»**

Kandidatnr: 236

**Namn på bachelorprogrammet: GBPEL412 Bacheloroppgåve, vitskapsteori og
forskingssmetode**

**Fakultet/Institutt/Program: Institutt for språk, litteratur, matematikk og
tolking**

Rettleiar: Malin Jensen Bakken

Innleveringsdato: 02.06.19

Tal ord: 11 144

Jeg bekrefter at arbeidet er selvstendig utarbeidet, og at referanser/kildehenvisninger til alle kilder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

**«Leså og ikkje forstå,
fria og ikkje få og
sigla med ingen Vind:
er tri gagnlause Ting»**

Ivar Aasen 1982

Samandrag

Denne bacheloroppgåva baserar seg på problemstillinga; Korleis vert ansvaret for lesing som grunnleggjande ferdigheit forvalta av tre læreverke i ulike fag for mellomtrinnet?» Gjennom ei analyse av læreverka *Ordriket 5A* frå norskfaget, *Yggdrasil 5* frå naturfag og *Globus 5* frå samfunnsfag blir det presentert kva utfordringar elevane møter i desse tekstane, korleis læreverka legg opp til at elevane skal bruke lesestrategiar når dei les og skilnadar og likskapar mellom dei ulike faga.

For å finne svar på problemstillinga er dokumentanalyse blitt anvendt som metode. Det blir gjort ei overordna analyse av heile læreverket basert på eit analyseskjema og så ei grundigare analyse av eit oppslag frå kvart læreverke.

Teorien som blir presentert tar utgangspunkt i den andre leseopplæringa, leseforståing, lesing som grunnleggjande ferdigheit og definisjon av fagtekstar og lærebøker. Viktige kjelder er Ivar Bråten, Lise Iversen Kuldbrandstad, Gro Ulland, Kirsten Palm, Rune Andreassen og Dagrunn Skjelbred.

Analysen seier ikkje noko om korleis faga norsk, naturfag og samfunnsfag forvaltar lesing som grunnleggjande ferdigheit, men den seier noko om korleis lesing som grunnleggjande ferdigheit blir forvalta i desse tre læreverka. Kvart fag har sine fagspesifikke tekstar og fagspesifikke lesemåte og difor vil faga forvalte lesing som grunnleggjande ferdigheit forskjellig.

Abstract

This Bachelor`s thesis is based on the research question; How does the responsibility for reading as a basic skill manage in three different textbooks from different subjects for the intermediate stage? Through an analysis of the three textbooks *Ordriket 5A*, *Yggdrasil 5* and *Globus 5* will it be presented which problems these textbooks provides, how the textbooks helps that pupils use reading strategies when they read and differences and similarities between the different subjects.

To answer the research question, document analysis has been used as a method. An overall analysis of the entire curriculum is made based in an analysis form and then a more thoroughly analysis of a lookup from each textbook.

The theory that is presented is based in the second reading education, reading comprehension, reading as a basic skill and definition of subject texts and textbooks. Important sources are Ivar Bråten, Lise Iversen Kuldbbrandstad, Gro Ulland, Kirsten Palm, Rune Andreassen and Dagrunn Skjelbred.

The analysis can not say something generally about how the subjects norwegian, science and social sciences manage reading skill as a basic skill, but it does say something about how reading as a basic skill is managed in these three textbooks. Each subject has their subject-specific texts and subject-specific reading methods and therefore the subjects will manage reading as basic skill differently.

Samandrag	3
Abstract	4
Innholdsliste	5
1. Innleiing	7
1.1 Bakgrunn for val av tema	7
1.2 Føremål med oppgåva	7
1.3 Problemstilling og avgrensing	8
1.4 Teorigrunnlag	8
1.5 Oppbygging	9
2. Teoridel	10
2.1 Den andre leseopplæringa	10
2.2 Leseforståing	11
2.3 Lesing som grunnleggjande ferdigheit	14
2.3.1 Å lese i norsk	15
2.3.2 Å lese i naturfag	15
2.3.3 Å lese i samfunnsfag	15
2.4 Fagtekstar og multimodalitet	16
2.4.1 Læreverk	17
2.4.2 Lesestrategiar i læreverk	17
2.4.3 Paratekstar	18
2.4.4 Det multimodale samspelet	19
2.4.5 Spørsmål og oppgåver	20
2.4.6 Lesekurs	21

3. Metodedel	22
3.1 Dokumentanalyse	22
3.2 Analyseskjema	23
3.3 Presentasjon av empiri	24
3.3.1 Læreverke frå norskfaget	24
3.3.2 Læreverke frå naturfag	25
3.3.3 Læreverke frå samfunnsfag	25
4. Analyse	26
4.1 Ordriket 5A	26
4.2 Yggdrasil 5	27
4.3 Globus 5	28
5. Drøfting	29
5.1 Kva leseutfordringar kan elevane møte på i det valde oppslaget frå kvart av dei tre læreverka?	29
5.2 På kva måtar legg elevbøkene i læreverka i norsk, naturfag og samfunnsfag opp til at elevane skal bruke lesestrategiar medan dei les?	34
5.3 Kva for skilnadar og likskapar finn ein mellom dei tre læreverka når det gjeld leseutfordringar og fokus på lesestrategiar?	37
6. Avslutning/konklusjon	39
Kjelder	41
Vedlegg	47

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema

Ivar Bråten peiker på at leseforståing er ein avgjerande kompetanse for å kunne delta aktivt i arbeids- og samfunnslivet. Vi lever i eit kunnskapssamfunn der lesekompetanse er viktig for å kunne delta i demokratiske prosessar (Bråten A, 2011, s. 9).

Når det først vart obligatorisk skulegong trong ein ikkje forstå det ein leste, ein kunne berre lære seg det utanåt. I 1852 stilte Ole Vig eit framtidsideal, han ville at ein tredjedel eller halvparten av folket skulle kunne lese flytende og med «forstand», altså forståing (Kuldbbrandstand, 2018, s. 33). Det var byrjinga på leseforståing i skulen. I dag er lesing eit fokus i alle fag, etter at lesing kom inn som ein grunnleggjande ferdigheit med Kunnskapsløftet i 2006.

Monica Reichenberg skriv at lærebøker kan vere blant den mest leste litteraturen i Noreg (2011, s. 83). Det er gjerne desse tekstane som dannar grunnlaget for elevane sin leseopplæring og deira første møte med tekstar. At så mange les lærebøker viser at dei er viktige i undervisning i skulen.

1.2 Føremål med oppgåva

På bakgrunn av at lesing er ein så viktig kompetanse og at dei fleste tekstane elevane møter på er læreboktekstar ønskjer eg å sjå på lesing som grunnleggjande ferdigheit kjem til syne i læreverka.

Eg har vald å ta for meg eit læreverk frå kvart av dei tre faga norsk, naturfag og samfunnsfag. Dei ulike faga stiller ulike krav til lesing hos eleven. Eg vil undersøkje kva for leseutfordringar som kjem til syne i læreverka og korleis læreverka legg opp til at elevane skal kunne aktivere relevante lesestrategiar for å kunne løyse utfordringane.

Læreverka eg har vald å analysere er *Ordriket 5A* frå norskfaget, *Yggdrasil 5* frå naturfag og *Globus 5* frå samfunnsfag. Eg har vald læreverk frå mellomtrinnet fordi det er her fokuset er størst på leseforståing og lesestrategiar.

1.3 Problemstilling og avgrensing

Sidan føremålet med oppgåva er å sjå på korleis lesing som grunnleggjande ferdighet kjem til syne i læreverka enda eg opp med problemstillinga; «Korleis vert ansvaret for lesing som grunnleggjande ferdigheit forvalta av tre læreverk i ulike fag for mellomtrinnet?»

For å hjelpe meg å svare på problemstillinga mi har eg utarbeida tre forskingsspørsmål som bryt opp problemstillinga;

- Kva leseutfordringar kan elevane møte på i det valde oppslaget frå dei tre læreverka?
- På kva måtar legg elevbøkene i læreverka i norsk, naturfag og samfunnsfag opp til at elevane skal bruke lesestrategiar medan dei les?
- Kva for skilnadar og likskapar finn ein mellom dei tre læreverka når det gjeld leseutfordringar og fokus på lesestrategiar?

Desse forskingsspørsmåla har eg vald fordi det er viktig å sjå på kva som er sentrale leseutfordringar i dei einskilde læreverka. Leseutfordringane kan variere frå fag til fag. Kva tiltak/lesestrategiar elevane treng å ta i bruk vil variere etter kvar utfordringar dei møter på. Difor er det relevant å sjå på kva lesestrategiar læreverka legg opp til i lys av kva utfordringar tekstane i læreverket gir. Til slutt vil eg sjå på skilnadar og likskapar for å kunne peike på kva som skil læreverka frå kvarandre.

1.4 Teorigrunnlag

Sentral teori for oppgåva mi er teori om den andre leseopplæringa sidan det er her leseforståing er i fokus, der eg har basert meg på blant anna Lise Iversen Kuldbbrandstad, Anne-Margrethe Bjorvand og Elise Seip Tønnessen. Teorien om leseforståing har eg henta frå Ivar Bråten, Astrid Roe og Gro Ulland, Kirsten Palm og Rune Andreassen sitt kapittel *Den andre skrive- og leseopplæringen: lesing frå Norsk boka 2*.

Definisjonen på lesing som grunnleggjande ferdigheit og kva det vil seie å lese i ulike fag har eg henta frå læreplanar og rammeverk som er gitt ut av Utdanningsdirektoratet. Eg trekkjer også inn litt teori frå blant anna Briten Russdal-Hamre.

Siste del av teorikapittelet definerer kva ein fagtekst er, kva multimodalitet er for noko og kva som kjenneteiknar ein læreboktekst. Her er Dagrunn Skjelbred sentral, og eg har også trekt inn Eva Maagerø og Geir Winje og Anne Løvland.

1.5 Oppbygging

Etter innleiing tar eg for meg teoridelen. Der vil eg først sjå på kva som kjenneteiknar den andre leseopplæringa, før eg tar for meg kva som ligg i omgrepet leseforståing. Eg vil deretter gå inn i lesing som grunnleggjande ferdigheit og å kunne lese i norsk, naturfag og samfunnsfag. Til slutt i teorikapittelet definerer eg kva ein fagtekst er og kva som kjenneteiknar læreboktekstar.

Etter teoridelen kjem methodedelen der eg tar for meg kva metode eg har vald og analyseskjemaet som er utgangspunktet for lærebokanalysen min. Eg presenterer også kort læreverka eg skal analysere.

I analysedelen presenterer eg funna eg gjorde i lærebøkene med utgangspunkt i analyseskjemaet. Etter at eg har presentert funna mine kjem drøftingsdelen der eg svarar på forskingsspørsmåla mine utifrå eit vald oppslag frå kvar lærebok.

2 Teoridel

I teoridelen skal eg ta for meg relevant litteratur for oppgåva mi. Fokuset ligg på litteratur om den andre leseopplæringa, leseforståing, lesing som grunnleggjande ferdigheit og multimodalitet i fagtekstar.

Oppgåva mi er orientert mot leseforståing på mellomtrinnet. Det er fordi krava til leseferdighetane hos elevane aukar på dei høgare klassetrinna ifølgje Gro Ulland, Kirsten Palm og Rune Andreassen (2013, s. 119).

2.1 Den andre leseopplæringa

Lise Iversen Kuldbbrandstad peiker på i boka *Lesing i utvikling* at lesing består av to delprosessar (Kuldbbrandstad, 2018, s. 31). Den første prosessen er å forme bokstavane til lyd, dette er den tekniske sida ved lesing som vi kallar for avkoding (Kuldbbrandstad, 2018, s. 35). Å lære seg å avkode inngår i den første leseopplæringa og er sjølve fundamentet for leseprosessen. Anmarkrud og Refsahl skriv i heftet *Gode Lesestrategier* at gode avkodingsferdigheter frigjør kognitive ressursar som eleven kan bruke når dei skal forstå teksten dei les (Anmarkrud og Refsahl, 2013, s. 8) Når elevane har lært å avkode er det viktig at dei les eit breitt utval av tekstar frå ulike sjangrar slik at dei kan automatisere ferdigheita og auke lesehastigheten. For å få elevane til å lese er det ei overordna oppgåve for lærarane å skape motivasjon for lesing og utvikle elevane sin leseglede (Kuldbbrandstad, 2018, s. 175). Sentralt for lesemotivasjonen er det at elevane forstå det dei les. Kuldbbrandstad skriv difor at arbeidet med leseforståing byrjar allereie smått i den første leseopplæringa ved at elevane skal lære seg måtar å nærme ulike tekstar på (Kuldbbrandstad, 2018, s. 175).

Leseforståing blir for alvor viktig når eleven kjem på høgare klassetrinn fordi lesing blir eit reiskap for læring. Ulland, Palm og Andreassen (2013), Kuldbbrandstad (2018) og Anmarkrud og Refsahl (2013) skriv at den andre leseopplæringa handlar om å lese for å lære. Dette er den andre delprosessen ved lesing, forståing av det ein les. På femte trinn vil dei fleste elevane ha automatisert avkodinga og kan frigje kognitive ressursar til å forstå teksten. På

vaskesetelen til boka *Den andre leseopplæringa* skreven av Anne-Margrethe Bjorvand og Elise Seip Tønnessen står det at lesekompetansen må bli utvikla slik at elevane kan lese for ulike føremål, så dei kan få fullt utbytte av komplekse og samansette tekstar og på den måten tileigne seg ny kunnskap (Bjorvand & Tønnessen, 2012). Ulland, Palm og Andreassen definerer målet med den andre leseopplæringa som å gjere elevane til sjølvstendige lesarar som vel nyttige lesestrategiar når dei går i gang med ein ny tekst (2013, s. 119). Kort oppsummert kan vi seie at den andre leseopplæringa handlar om å gje elevane dei verktøya dei treng for å kunne hente ut informasjon frå eit mangfald av tekstar.

2.2 Leseforståing

Ivar Bråten er dr.philos og professor i pedagogisk psykologi ved Pedagogisk forskingsinstitutt ved Universitetet i Oslo. Han er redaktøren bak boka *Leseforståelse* (Bråten, 2011) som er den første boka om leseforståing skreven av norske forskarar. Bråten definerer leseforståing som det å «... utvinne og skape mening ved å gjennomføre og samhandle med skrevet tekst» (Bråten A, 2011, s. 11). Skreven tekst er i dette tilfellet definert som tekst på papir eller skjerm, som også kan inkludere grafiske framstillingar, kart eller bilete (Bråten A, 2011, s. 11). Bråten skriv at leseforståing handlar om møtet mellom tekst og lesar. Lesaren skal både leite fram og utvinne ei meinig som forfattaren har lagt i teksten, og gjennom samhandling med teksten ta i bruk egne erfaringar og kunnskapar til å tolke den og på den måten utvinne ny kunnskap (Bråten A, 2011, s. 12). Synspunktet på viktigheten av møtet mellom lesaren og teksten finn vi igjen hos Monica Reichenberg som skriv at for å få den fulle forståinga ut av ein tekst som ho kallar eit fullgodt møte, må lesaren vere ein aktiv medskapar (Reichenberg, 2009, s. 165).

Det er viktig å hugse på at møtet skjer mellom ein bestemt lesar og ein bestemt tekst (Bråten A, 2011, s. 13). Kvar lesar møter teksten med sine føresetnadar som språklege ferdigheiter, kognitive evner, forkunnskapar, motivasjon og den strategiske innsatsen dei legg ned i arbeidet med å forstå. Også tekstar kan ha ulike utfordringar som gjer forståinga vanskeleg, utfordringar ved teksten kjem eg meir innpå under delkapittelet fagtekstar og læreverk. Her skal eg konsentrere meg om dei ulike aspekta ved lesaren som møter teksten. Fokus på desse aspekta ved leseforståing hos elevar er viktig for å kunne tilpasse

undervisninga til den enkelte eleven. Ulland, Palm og Andreassen trekkjer også fram avkoding, ord- og omgrepsforståing, forkunnskapar, medvit om lesestrategiar og motivasjon som viktige aspekt ved leseforståinga til elevane (2013, s. 114).

Gode avkodingsferdigheiter er sentrale for elevane sin leseforståing. Bråten seier blant anna at mennesket har ein grensa medviten merksemd (B, 2011, s. 47). Furnes og Norman skriv at elevar som kan lese orda i teksten hurtig og nøyaktig frigjer kognitiv kapasitet som lesaren kan bruke til å forstå teksten (2013, s. 129). Astrid Roe skriv i *Lesedidaktikk* at automatisert avkoding er nødvendig for å forstå innhaldet i det ein les, men det fører ikkje automatisk til forståing (2014). Bråten skriv at avkodinga sin innverknad på leseforståinga blir mindre etterkvart som eleven kjem på høgare alderstrinn, på mellomtrinnet vil det difor vere andre faktorar ved leseforståinga som står i fokus (B, 2011, s. 47).

Ulland, Palm og Andreassen peiker på at eleven bør kunne 95% av orda som står i ein tekst for å kunne forstå teksten (Ulland, Palm og Andreassen, 2013, s. 115). Eit godt ordforråd er ein sær viktig faktor for at eleven skal forstå det han les. Bråten (2011) og Roe (2014) er blant dei som peiker på at teksten vil vere vanskeleg å forstå dersom den har eit for vanskeleg vokabular for eleven. Det er ekstra viktig at ein forstå orda som er meiningsberande i teksten, det er nok at ein ikkje kan eit eller to ord til at forståinga bryt saman. Roe, Ryen og Weyergang peiker på at kvardagslege ord og uttrykk også kan vere ukjente for elevane og by på problem for forståinga (2018, s. 57). Ordforrådet til elevane kan verke inn på forståinga av teksten dei les. Det er viktig å både fokusere på dei fagspesifikke orda og på andre kvardagslege ord som kan skape problem.

Ifølgje Bråten er det ingen annan enkeltstående komponent som har så stor tyding for elevane sin leseforståing som forkunnskapane eleven har med seg (B, 2011, s. 61). Ved å smelte saman det ein veit frå før med den nye kunnskapen frå teksten kan eleven få djup forståing. Dette heng saman med dei kognitive skjema til Jean Piaget. Han meinte at erfaringane til mennesket blei lagra i kognitive skjema (Solerød, s. 223). Nye inntrykk blir fylt inn i dei gamla skjema. Dersom den nye informasjonen ikkje passar, må ein revidere skjemaet eller opprette nye skjema for den nye kunnskapen. Det gir eleven moglegheit til å tolke og trekkje slutningar frå informasjonen i teksten i lys av dei kunnskapane dei allereie

har tileigna seg (Bråten B, 2011, s. 62). Tekstkunnskap er i tillegg til kunnskapar om emnet ein viktig faktor som Ulland, Palm og Andreassen (2013, s. 155) og Anmarkrud og Refsahl (2013, s. 41) trekkjer fram. Tekstkunnskap dreier seg om bokstavkunnskap, morfem, setningsstrukturar og sjangrar blant anna. Anne-Beathe Mortensen-Buans skriv i sitt kapittel om lesestrategiar ved arbeid med fagtekst i klasserommet i *Å lese i alle fag* at dei gode lesarane klarar å utnytte seg av strukturen i teksten dei les (2015, s. 185).

Gode lesarar er, ifølgje Bråten, svært aktive medan dei les (B, 2011, s. 67). Anmarkrud og Refsahl definerer lesestrategiar som alt lesaren gjer utover det hen må gjere for å lese ein tekst (Anmarkrud og Refsahl, 2013, s. 14). Erling Solerød peiker i sin bok *Pedagogiske grunntanker* på Vygotskij sitt syn på metakognisjon som går ut på at eleven har eit indre språk som kan vere med på å styre og kontrollere læringsaktivitetane (2014, s. 225). Roe (2014) og Bråten (2011) trekkjer fram metakognisjon når dei snakkar om at gode lesarar kan overvake eigen lesing og stoppe opp når det er noko dei ikkje forstår. Ulland, Palm og Andreassen skriv at dette er essensielt for at elevane skal kunne ta i bruk lesestrategiar (2013, s. 116). Det er ofte dei elevane som stiller spørsmål og som er klar over at dei ikkje forstå som er dei beste lesarane. Bråten siterar Rasmussen (2003) på at elevane treng eksplisitt undervisning i lesestrategiar der dei blir gjort merksame på tydinga av å bruke slike strategiar og øving i å bruke dei (A, 2011, s. 10). Lesestrategiar er ikkje noko eleven er fødd med. For at elevane skal utvikle eit repetoar av lesestrategiar krev det at læraren modellerer korleis ho ville lest ein tekst. Her kan læraren tenkje høgt medan ho les og stoppe opp for å vise kva ho ville gjort når ho møter på noko vanskeleg.

Som eg har peikt på tidlegare er det viktig at elevane les mange og varierte tekstar, men for å få elevane til å lese treng dei motivasjon. Lesing er ein aktivitet som krev ein viss anstrenging og energi, Bråten skriv difor at elevane treng ein god porsjon motivasjon for å velje å setje seg ned å lese (B, 2011, s. 73). Motivasjon er altså viktig for leseforståinga, men sidan det er vanskeleg for meg å definere kva som vil motivere den enkelte elev i ein tekst vil ikkje fokuset mitt liggje på aspektet motivasjon i denne oppgåva.

2.3 Lesing som grunnleggjande ferdigheit og overordna ansvar

Utdanningsdirektoratet definerer dei grunnleggjande ferdigheitene som ein del av kompetansen i fag og nødvendige reiskap for læring og utvikling (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 2). Dei grunnleggjande ferdigheitene vi finn i Kunnskapsløftet frå 2006 er digitale ferdigheiter, munnlege ferdigheiter, å kunne lese, å kunne skrive og å kunne rekne. Mi oppgåve tar utgangspunkt i den grunnleggjande ferdigheita å kunne lese. I rammeverket for grunnleggjande ferdigheiter er å kunne lese definert som å skape mening ut frå tekst (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 5). Det er presisert at lesing både på papir og digitalt er ein føresetnad for å kunne delta aktivt i samfunnslivet. Ferdigheita å kunne lese er delt inn i fire ferdigheitsområde som alle er skildra i rammeverket for grunnleggjande ferdigheiter (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 5); *forberede, utføre og bearbeide, finne, tolke og samanfatte og reflektere og vurdere*. Forberede, utføre og bearbeide er å ta bruk ulike strategiar for å forstå tekstar av stadi større vanskegrad. Det står i rammeverket at det forutsett avkodingsstrategiar. Finne handlar om å finne fram til informasjon i tekstane. Under tolke og samanfatte skal eleven kunne trekkje slutningar på bakgrunn av ein eller fleire tekstar. Og reflektere og vurdere handlar om å stille seg sjølvstendig til tekstar, bruke eigne meiningar, analysere og vurdere.

I rettleiinga til læreplanen for norskfaget står det under fagets eigenart; «.... har norskfaget et særlig ansvar for å utvikle elevenes grunnleggende språkferdigheter» (Utdanningsdirektoratet A, 2015, s. 2). Dette vil også innebære ferdigheita å kunne lese. Briten Russdal-Hamre skriv i sitt bidrag til boka *Lys på Lesing* at sjølv om lesing er ein grunnleggjande ferdigheit i alle fag, har norskfaget eit særleg ansvar for leseopplæringa (Russdal-Hamre, 2009, s. 75).

Eva Maagerø og Elise Seip Tønnessen peiker i *Å lese i alle fag* på at dei ulike faga byr på ulike leseutfordringar. Lesing som grunnleggjande ferdigheit er viktig fordi at ein elev har knekt lesekoden treng ikkje å bety at dei kan lese tekstar i alle fag (Maagerø og Tønnessen, 2015, s. 26).

2.3.1 Å lese i norsk

Å kunne lese i norsk er å skape mening frå tekstar frå nåtid og fortid i eit breitt utval av sjanger (Utdanningsdirektoratet A, 2013, s. 4). I formålet med faget står det at elevane skal lære å orientere seg i mangfaldet av tekstar (Utdanningsdirektoratet A, 2013, s. 1). Faget skal også bidra til å utvikle gode læringsstrategiar, som inkluderer lesestrategiar. Det handlar også om å kunne finne informasjon og forstå resonnement og framstillingar i ulike typar tekstar, på skjerm og papir. Stille seg kritisk og sjølvstendig til dei lesne tekstane. Her ser vi dei ulike oppgåvetypane «finne», «tolke og samanfatte» og «reflektere og vurdere». Elevane skal kunne finne informasjon i teksten, men også kunne kople saman informasjon frå ulike deler for å forstå. Dei skal også kunne bruke sine eigne erfaringar og trekkje seg sjølv inn i teksten for å reflektere over den.

2.3.2 Å lese i naturfag

I læreplanen for naturfag står det at å lese i naturfag inneber å forstå og bruke naturfaglege omgrep, symbol, figurar og argument (Utdanningsdirektoratet B, 2013, s.4). Det er også spesifisert at mange av tekstane elevane kjem i kontakt med gjennom naturfag er samansette. Briten Russdal-Hamre skriv at føremålet med naturfag er å få kompetanse i ulike vitenskaplege tekstar, metodar og teknologiske løysingar. Allsidig tekstkompetanse er nødvendig for å sosialisere individet i samfunnet (Russdal-Hamre, 2009, s. 77). Elevane skal også kunne trekkje naturfagleg informasjon ut frå enkle tekstar i ulike medium. Grunnlaget for lesing av naturfaglege tekstar blir lagt på barnetrinnet, det er difor viktig å gje elevane gode strategiar for korleis dei kan møte denne typen tekstar.

2.3.3 Å lese i samfunnsfag

Å lese i samfunnsfag går ut på å kunne utforske, tolke og reflektere over faglege tekstar for å forstå eige og andre samfunn og andre tider, stader og menneske (Utdanningsdirektoratet C, 2013, s. 4). Samfunnsfag opererer med ei vid forståing av lesing, der eleven skal kunne behandle og bruke informasjon frå bilete, film, teikningar, grafar, tabellar og kart (Russdal-Hamre, 2009, s. 80). Det blir trekt fram at eleven skal kunne hente informasjon ut frå grafar

og tabellar noko som krev kompetanse i å behandle slike modalitetar. Astrid Roe skriv at samfunnsfag også er eit fag med mange samansette ord, som er vanskelegare å lese og inneheld mykje informasjon (2014). Russdal-Hamre skriv også at det blir gjort eit poeng ut av at elevane skal stille seg både til spesielle teksttypar og kjelder (Russdal-Hamre, 2009, s. 81). Elevane skal kunne stille seg til tekstar som dei finn utanfor læreboka. Det krev at dei har opparbeida seg eit repetoar av strategiar.

2.4 Fagtekstar og multimodalitet

Dagrun Skjelbred skriv i sitt bidrag til boka *Å lese i alle fag* at alle tekstar har eit mønster som står vil vår disposisjon for at vi skal kunne bruke teksten til det føremålet vi ønskjer, også kalla ein sjanger (Skjelbred, 2015, s. 46). Sjanger kan bli sett på som eit sortertingsverktøy for tekstar. Harald Mortsen Iversen og Hildegunn Otnes definerer omgrepet som inndelingar med utgangspunkt i innhald- og formkriterier, men også som ytringar som er knytt til spesifikke kontekstar og føremål (Iversen & Otnes, 2016, s. 63). Når vi kjenner igjen sjangeren på ein tekst vi skal lese, har vi visse forventningar til kva som møter oss i teksten. Skjelbred peiker på at dei ulike sjangrane blir lesen og tolka på ulike måtar, ein treng difor ulike lesemtatar og strategiar i møte med dei forskjellige sjangrane (Skjelbred, 2015, s. 46).

Ulland, Palm og Andreassen trekkjer fram at tekstane elevane på mellomtrinnet møter i læreverka hovudsakleg er fagtekstar med eit samansett uttrykk (Ulland, Palm og Andreassen, 2013, s. 122). Maria Elisabeth Moskvil definerer fagtekstar som tekstar med eit hovudmål om å formidle fagleg innhald til ulike faglege samanhengar (Moskvil, 2015, s. 161). Desse skil seg frå dei skjønnlitterære tekstane som dominerer på småtrinnet fordi dei drøfter eller greier ut om ei sak frå fleire sider, er informasjonstette og inneheld mange fagspesifikke ord som eleven ikkje har i kvardagsspråket sitt (Ulland, Palm og Andreassen, 2013, s. 122).

I denne oppgåva vil omgrepa samansette tekstar og multimodale tekstar bli brukt om tekstar som kommuniserer meining gjennom ulike modalitetar. Eva Maagerø og Elise Seip Tønnessen (2015) og Dagrunn Skjelbred (2015) skriv at multimodale tekstar bli kjenneteikna av at dei brukar ulike modalitetar for å gje i djupare forståing av emnet og leggje til rette lærestoffet. Døme på modalitetar er verbalspråk, bilete, figurar og tabellar. I boka *På mange*

måtar. Samansette tekstar i klasserommet trekkjer Anne Løvland fram at dei ulike modalitetane har ulike affordans. Affordans er dei moglegheitene og avgrensingane ein modalitet har til å uttrykkje meining. Briten Russdal-Hamre skriv i sitt bidrag til *Multimodalitet i skole- og fritidstekster* at dei ulike modalitetane kan gje ulik informasjon om same tema. Slik kan ein utnytte dei ulike modalitetane sin affordans for å gje ei breiare forståing av temaet (Russdal-Hamre, 2018, s. 44). Dette blir kalla funksjonell spesialisering. For å få ei fullstendig forståing av teksten må eleven hente ut meining frå alle modalitetane.

2.4.1 Læreverk

Eva Maagerø og Geir Winje skriv at trykte og digitale læremidlar i alle fag er multimodale (2010, s. 150). Dei peiker på at det blir brukt mange modalitetar for å skape meining, men at verbalspråket framleis spelar ei viktig rolle. Verbalspråket blir brukt til å greie ut, forklare og argumentere for lærestoffet. Typisk for læreboka er fotografi, illustrasjonar og eit gjennomgåande design med overskrifter, informasjonsboksar, margtekst og framheving av viktige omgrep (Maagerø og Winje, 2010, s. 151). Maagerø og Winje peiker også på at dei fleste læreverk i dag har digitale nettressursar i tillegg til den trykte læreboka.

2.4.2 Lesestrategiar i læreverk

Ulland, Palm og Andreassen skriv; å vere tekstkyndig i høve til lesing handlar om å kunne orientere seg i eit mangfald av tekstar og det å kunne tilpasse lesemåte sin til den einskilde teksten og føremålet med lesinga (Ulland, Palm og Andreassen, 2013, s. 113). For at elevane skal kunne tilpasse lese måten sin til den einskilde teksten dei les treng dei eit repetoar av lesestrategiar slik at dei kan velje den strategien som er føremålstenleg for teksten og føremålet med lesinga.

Lærebøker kan i følgje Monica Reichenberg vere vanskelege å tileigne seg. Dei inneheld mange fagspesifikke ord og er både språkleg og innhaldsmessig konsentrert (Reichenberg, 2011, s. 84). Det stiller krav til ord- og omgrepsforståing og forkunnskapar hos elevane. Reichenberg peiker på at elevane treng rettleiing i korleis dei kan lese tekstane aktivt (Reichenberg, 2011, s. 98). Ein god leselærer er i følgje Ulland, Palm og Andreassen ein lærar

som modellerer lesestrategiar på ein god måte (Ulland, Palm og Andreassen, 2013, s. 120). Læraren viser då korleis elevane kan lese fagteksten i læreboka på ein funksjonell måte og vil utvikle eit repetoar av lesestrategiar hos elevane som dei kan bruke når dei sjølv les.

Utdanningsdirektoratet har utarbeide eit skjema for kva ein bør ha fokus på før, under og etter lesing. Før lesing bør elevane blant anna få aktivere forkunnskapar og forventningar og å identifisere nye ord og omgrep (Utdanningsdirektoratet B, 2015, s. 3). Læraren må vere medviten på å skape ein kultur der ein snakkar *om* orda og ikkje berre med orda (Ulland, Palm og Andreassen, 2013, s. 127). Furnes og Norman peiker i sitt bidrag til boka *Praktisk-pedagogisk utdanning* på at ordkunnskap er kumulativ. Det tyder at dess fleire ord ein elev veit tydinga av, dess lettare er det for eleven å lære tydinga av nye ord (Furnes og Norman, 2013, s. 130). Dei trekkjer også fram at ordforrådet er knytt til elevane sine forkunnskapar. Dersom eleven har gode kunnskapar om eit tema, er det naturleg at dei har eit godt ordforråd innanfor temaet. Elevar som har mykje kunnskap frå før har lettare for å forstå teksten og leggje den nye kunnskapen til det eleven allereie kan (Furnes og Norman, 2013, s. 130). Dårlige forkunnskapar kan gje eleven problem med teksten og i verste fall føre til at dei gir opp lesinga.

Anmarksrud og Refsahl trekkjer fram eit døme med ei jente som seier ho ikkje trenger å kunne alle orda som står i ein tekst fordi ho kunne tenkje ut kva orda tydde medan ho las (Anmarkrud og Refsahl, 2013, s. 41). Denne jenta kan forstå ukjente ord ut i frå konteksten fordi ho har gode bakgrunnskunnskapar som ho brukar medan ho les. Alle elevar er ulike og det vil variere i kva grad eleven treng støtte når dei skal utvikle gode lesestrategiar.

Eg skal nå sjå på nokre kjenneteikn ved læreboktekstar og korleis dei kan hjelpe elevane i leseprosessen eller skape problem.

2.4.3 Paratekstar

Dagrunn Skjelbred (2015) og Birkeland, Mjør og Teigland (2018) siterar Gérard Genette på at paratekstar er alle tekstelement som kjem i tillegg til teksten (Skjelbred, 2015, s. 40). Dette er tekstar som rammar inn hovudteksten. Døme på paratekstar er margtekst,

kursivering av ord og samandrag (Skjelbred, 2015, s. 41). Birkeland, Mjør og Teigland skriv at paratekstane kan vere med på å aktivere forkunnskapar (2018, s. 109). Også Skjelbred skriv at det er viktig at elevane blir merksame på dei paratekstlege elementa fordi dei kan hjelpe elevane med å oppfatte kva som er sentralt og aktivere nyttige forkunnskapar (2010, s. 179).

2.4.4 Det multimodale samspelet

Funksjonell spesialisering er eit sentralt omgrep i arbeid med det multimodale samspelet. Det er som nemnd tidlegare korleis ulike modalitetar kan framstille ulike sider ved fagstoffet som blir lagt fram (Maagerø og Winje, 2010, s. 147). I forbindelse med det multimodale samspelet kan ein også peike på at dei ulike modalitetane kan vere vanskelege å hente ut meining frå dersom ein ikkje har kompetane og øving i det. Lisbet Karlsen og Eva Maagerø har som ein del av forskingsprosjektet *Lesing av fagtekster som grunnleggjende ferdighet i fagene* sett på lesing av matematiske tekstar. Her peiker dei på korleis figuren kan vere ein vanskeleg modalitet for elevane medan dei les (Karlsen og Maagerø, 2010, s. 245). Figurar kan realisere mykje meining på liten plass, og er difor plasssparande å ha med i ein fagtekst. Grunnen til at ein figur kan illustrere så mykje informasjon er fordi dei ofte består av ulike modalitetar som tal, verbalspråk og ulike visuelle formar som er med på å skape meining (Karlsen og Maagerø, 2010, s. 244). Maagerø og Winje trekkjer fram at lesaren må pakke ut figuren for å sjå alle elementa og deretter pakke den saman igjen for å kunne sjå den som heilskap (Maagerø og Winje, 2010, s. 157). Tabellar er også kompakte formar for meiningsskaping, og byggjer på konvensjonar for todimensjonal framstilling gjennom radar og kolonnar (Maagerø og Winje, 2010, s. 158). Tabellar fører med seg ei same leseutfordringane som figurar. Dersom ein berre les den språklege teksten og ikkje ser på figurane og tabellane vil ein miste mykje informasjon i teksten.

Fotografi og illustrasjonar er også viktige modalitetar i læreverka. Mange seier at eit bilete kan seie meir enn tusen ord, men Maagerø og Winje peiker på at eit bilete seier noko anna enn ord (Maagerø og Winje, 2010, s. 147). Eit bilete skapar raskare kontakt med lesaren og er betre til å vise detaljar der ein i verbalteksten ville trengt stor plass for å få med alle detaljar (Maagerø og Winje, 2010, s. 147). Maagerø og Winje (2010) og Løvland (2015) peiker på at fotografa i eit læreverk er med på å forankre lærestoffet til røynda og

dokumentere at det som står i verbalteksten er sant. Illustrasjonar kan vere eit samanbindande element gjennom heile læreverket, typisk er det ein figur som fører elevane gjennom boka. Gjennom blikk, gestar og kroppsspråk kan dei framheve kva som er viktig på eit oppslag (Løvland, 2015, s. 123). Fargekodar er også ein viktig modalitet på oppslaget som gjer lesinga lettare og meir oversiktleg dersom eleven forstår fargekodane (Maagerø og Winje, 2010, s. 159). Maagerø og Tønnessen skriv at ulike modalitetar på oppslaget kan lette lesinga for elevane og gje dei mykje informasjon, men det krev at elevane har kompetanse til å lese ein slik tekst (Maagerø og Tønnessen, 2015, s. 25).

2.4.5 Spørsmål og oppgåver

Ottar Grepstad skriv i boka *Det litterære skattkammer* at knapt noko demonstrerer tydelegare forfattern sin styring av lesinga enn dei pedagogiske spørsmåla frå den som veit mest til den som veit mindre (1997, s. 518). Grepstad (1997), Skjelbred (2009) og Skjelbred (2010) peiker på at spørsmål og oppgåver har lang tradisjon i skulen og læreverk og at det blir arbeida mykje med oppgåver i skulen. Kva type oppgåver ein arbeider med har mykje å seie for kva ferdigheitsområder ein utviklar innanfor lesing.

Utdanningsdirektoratet har utarbeida tre måtar å tilnærme seg tekstar på, det er «finne», «tolke og samanholde» og «reflektere og vurdere» (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 5). For å vere tekstkyndig bør ein kunne arbeide med teksten på alle dei tre måtane, og det er difor viktig at spørsmåla og oppgåvene i læreverka ber elevane om å gjere alle tre. Oppgåvene kan hjelpe elevane å orientere seg i teksten og setje lys på kva som er viktig og relevant. Skjelbred peiker også på at oppgåvene kan hjelpe elevane å vende blikket vekk frå verbalteksten og til dei andre elementa i teksten (Skjelbred, 2015, s. 45). Det er difor viktig at spørsmåla retter merksemd mot ulike element ved teksten og testar elevane i både å finne informasjon, tolke og samanfatte og reflektere og vurdere.

Torvatn fann ut i sin studie av tekststrukturen sin innverknad på leseforståinga at ein del av elevane brukte ein matcheteknikk når dei las (2004, s. 266). Det vil seie at dei første såg på oppgåva og deretter leita i teksten til dei fann eit setning eller formulering som passa med

det oppgåva spurde om (Torvatn, 2004, s.266). Denne måten å stille spørsmål på hjelper ikkje elevane med å utvikle gode lesestrategiar.

2.4.6 Lesekurs

I nokre læreverk blir dei paratekstlege elementa presentert i forordet til boka. Det kan fungere som eit lite lesekurs for elevane fordi dei lærer kva funksjon dei ulike elementa kan ha i teksten og kvifor det er viktig å lese dei. Nokre elevar kan hoppe over margteksten fordi dei trur det handlar om å bli fortast ferdig med å lese og les difor berre «hovudteksten». Løvland (2012) peiker på dei lesarane som les spørsmåla først og finn svara ved å lese teksten (Løvland, 2012, s. 83). Desse lesarane er ikkje veldig opptatt av bileta eller andre modalitetar som høyrer med teksten. Dette er lesarar som kan minne om elevane som brukte ein matcheteknikk i Torvatn (2004) sin studie. Desse elevane treng støtte i korleis dei kan utnytte alle modalitetane i ein multimodal tekst, og lesekurs i starten eller undervegs i læreverket kan hjelpe.

3 Metodedel

Kva metode ein brukar for å samle inn empiri kjem an på problemstillinga: Korleis vert ansvaret for lesing som grunnleggjande ferdigheit forvalta av tre læreverk i ulike fag for mellomtrinnet? For å få svar på denne problemstillinga må eg gå inn tre læreverk. Eg har vald å utføre ei dokumentanalyse av tre læreverk. Eg har vald ut læreverka *Ordriket 5A* frå norsk, *Yggdrasil 5* frå naturfag og *Globus 5* frå samfunnsfag. Ved å velje tre ulike fag kan eg sjå på lesing som grunnleggjande ferdigheit i alle fag, men også om norskfaget sitt overordna ansvar for leseopplæringa kjem til synet i læreverket frå norskfaget. Eg kjem til å sjå på korleis læreverka stiller seg til formuleringane om lesing i naturfag, lesing i norsk og lesing i samfunnsfag i læreplanen Kunnskapsløftet frå 2006, men eg kjem ikkje til å analysere læreplanen.

3.1 Dokumentanalyse

Christoffersen og Johannessen kategoriserer dokumentanalyse som ein kvalitativ metode (Christoffersen og Johannessen, 2012, s.87) Eg har vald denne metoden som mest føremålstenleg ut i frå min problemstilling. Eg ønskjer ikkje å seie noko generelt om alle læreverk i eit fag, men heller gå tett innpå dei læreverka eg har vald ut og sjå på korleis dei legg opp til lesestrategiar.

Kva dokument ein tar utgangspunkt i blir påverka av problemstillinga. I mitt tilfelle er det naturleg å analysere læreverk. Ut i frå læreverka kan eg sjå på korleis dei ulike daga forvaltar lesing som grunnleggjande ferdigheit ved å sjå på korleis dei legg til rette for leseforståinga til eleven. Med tanke på størrelsen på oppgåva har eg ikkje moglegheit til å gå i djupn på alle dei tre læreverka. Eg kjem difor til å ha eit overordna syn på læreverket som heilskap og sjå på kva element som går igjen gjennom heile læreverket. Og så kjem eg til å gå litt meir i djupna på eit oppslag frå kvar bok.

Ved kvantitative undersøkingar må ein vere merksam på dei to forholda validitet og reliabilitet (Thurén, 2015, s. 31). Validitet går på at ein undersøker det ein vil undersøkje. Eg

skal analysere eit læreverke frå kvart av faga norsk, naturfag og samfunnsfag. Sidan eg berre undersøker eit læreverke frå kvart fag kan eg ikkje seie noko generelt om korleis faga forvaltar lesing som grunnleggjande ferdigheit, men eg kan seie noko om korleis lesing som grunnleggjande ferdigheit til forvalta i det valde læreverket.

Reliabilitet handlar om at målingane er korrekt utført. Dersom andre kan bruke same metode som meg og få same resultat har oppgåva høg reliabilitet (Thurén, 2015, s. 32). Eg har laga eit analyseskjema slik at andre kan foreta den same analysen som meg. Analysen er min vurdering av bøkene, og eg har ingen eller liten erfaring ved bruk av desse læreverka i leseundervisning. Fordelen med det er at eg ikkje har ein føredømande meining om bøkene.

3.2 Analyseskjema

Når eg skal analysere læreverka har eg laga meg eit analyseskjema med ulike element som eg ønskjer å sjå om er til stades i det enkelte læreverket. Det vil gje meg eit oversiktbilete over korleis læreverka stiller seg til leseforståing og lesestrategiar. Analyseskjemaet er delt inn i fire kategoriar; paratekstlege element, det multimodale sampelet, spørsmål og oppgåver og lesekurs. Eg har vald å sjå om dei paratekstlege elementa ordforklaring, fargar, utheving/kursivering, rammetekst og margtekst førekjem i læreverka eg skal analysere.

Grunnen til at eg har vald å sjå på det paratekstlege elementet ordforklaringar er fordi fagspesifikke omgrep er noko av det som er vanskeleg i ein fagtekst. Ordforklaringar kan framkome på fleire måtar, men dei er ofte forklart i margteksten. Eg har vald å separere ordforklaringar og margtekst fordi ordforklaringane kan førekome på andre måtar og margteksten kan også vere noko anna enn berre ordforklaringar. Fargar er med på å strukturere teksten for lesaren.

I det multimodale samspelet skal eg sjå på illustrasjonar, fotografiar, informasjonsboksar, figurar og tabellar. Eg har vald å skilje mellom illustrasjonar og fotografi fordi fotografi ofte forankrar det som står i verbalteksten til røynda, medan illustrasjonar kan vere gjennomgangsfigurar eller generaliserande framstillingar av eit fenomen (Maagerø og Winje,

2010, s.155). Figurar og tabellar inneheld mykje informasjon på liten plass og kan vere krevjande å lese dersom ein ikkje har strategiar for korleis ein kan strukturere informasjonen. Ein treng også kunnskap om framstillinga. Informasjonsboksar er markert på oppslaget, ved bruk av fargar. Maagerø og Winje skriv at dei kan hjelpe eleven i leseprosessen (2010, s. 159).

Type spørsmål eg har vald å sjå på i analysen min har eg vald ut med bakgrunn i Rammeverket for grunnleggjande ferdigheiter frå Utdanningsdirektoratet (2017, s. 5). Det står det at å kunne finne informasjon, tolke og samanfatta og reflektere og vurdere er ferdigheitsområdar som går innanfor ferdigheita å kunne lese. Det er også dei formene for oppgåver vi finn i Nasjonale prøver for lesing.

Under kategorien lesekurs har eg vald å ha med instruksjonar, eksplisitte lesestrategiar og presentasjon av paratekst. Med instruksjonar tenkjer eg på om eleven får rettleiing til korleis dei skal lese boka. Forklaring av nivåforskjellar eller ulike delar i boka er døme på instruksjonar ein kan finne i ei elevbok. Eksplisitte lesestrategiar vil seie at læreverket tydeleg viser eller seier til eleven at her kan ein bruke ein lesestrategi. Dei kan også peike på ein eksplisitt lesestrategi dei ønskjer å fremme. Elevbøkene inneheld mange paratekstar som kan nyttiggjeres i lesinga, men det krev at eleven veit korleis dei kan nyttiggjere seg av dei. Eg vil difor sjå på om elevbøkene presenterer paratekstane sine sjølv eller om læraren må inn å modellere korleis elevane kan bruke paratekstane.

3.3 Presentasjon av empiri

I dokumentanalysen skal eg analysere læreverk frå tre ulike fag. Eg har vald ut eit læreverk frå kvart fag. Faga eg har vald er norsk, naturfag og samfunnsfag.

3.3.1 Læreverk frå norskfaget

Frå norskfaget har eg vald læreverket *Ordriket*. *Ordriket 5A* er skriven av Christian Bjerke, Kine Brandrud, Gudrun Areklett Garmann, Lars Mæhle, Tonje Strømdahl og Gro Ulland. Læreverket blei gitt ut i 2014 på grunnlag av læreplanen Kunnskapsløftet frå 2006 og

revidert læreplan i norsk frå 2013. Det består av to elevbøker; *Ordriket 5A* og *Ordriket 5B*, ein lærarrettleiing og digitale bøker og nettressurs på Ordriket.no. Fagbokforlaget som gjev ut *Ordriket* skildrar læreverket som eit strukturert og oversiktleg læreverk som presenterer eit mangfald av tekstar i ulike sjangrar (fagbokforlaget). Dei skriv også at dei grunnleggjande ferdigheitene lesing, skriving og å uttrykkje seg munnleg blir synleggjort.

Elevboka *Ordriket 5A*, som eg kjem til å konsentrere meg om, har fire kapittel og kvart kapittel er delt inn i fem delar; ein introduksjonsdel, leseriket, taleriket, språkriket og skriveriket. Leseriket, taleriket og skriveriket er basert på dei grunnleggjande ferdigheitene. Kvart rike har eigne mål så det er lett for eleven å konsentrere seg om det dei skal lære.

3.3.2 Læreverk frå naturfag

Elevboka eg har vald å analyse i naturfag er *Yggdrasil 5*. Boka er skriven av Kari Gran og Roy Nordbakke. Læreverket blei gjeve ut i 2006 av Aschehoug forlag. Det er i følge forlaget det mest brukte læreverket på 5. – 7. trinn. Boka er delt inn i 10 kapittel, og kvart kapittel er delt inn i ulike nivå som er markert med raud, gul og blå. Det skal bidra til at elevane får arbeide med fagstoffet på sitt nivå. Læreverket består av ein lærarrettleiing, elevnettstad, lyd ressursar for minoritetsspråklege elevar og ei digital tavle for 5. trinn.

3.3.3 Læreverk frå samfunnsfag

Globus 5 er det læreverket eg har vald frå samfunnsfag. Elevboka er skriven av Ivar Libæk, Trude Mathiesen, Rolf Mikkelsen og Øivind Stenersen. Læreverket blei gitt ut i 2006 av forlaget Cappelen Damm. Boka er delt inn i fagområda samfunnskunnskap, historie og geografi.

Cappelen Damm skriv på sine nettsider at det viktigaste stoffet blir oppsummert i ingressar og korte margtekstar. Bøkene skal også innehalde rikeleg oppgåvestoff som skal gje øving innanfor dei fem grunnleggjande ferdigheitene. Lærarrettleiinga skal presentere nyttige læringsstrategiar, noko som gjer det interessant å sjå i kva grad elevboka legg opp til lesestrategiar.

4 Analyse

I analysedelen skal eg presentere funna eg gjorde i dei tre læreverka med utgangspunkt i analyseskjemaet.

4.1 *Ordriket 5A*

På vaskesettelen til *Ordriket 5A* (Bjerke et al, 2014) står det at boka er strukturert etter sjanger som eleven får arbeida grundig med på ulike måtar i leseriket, taleriket, språkriket og skriveriket. I innhaldslista på andre oppslag vises det tydeleg at boka er delt inn i dei fire sjangrane *sjanger, dagbok, dikt og brev og e-post*. Kvar sjanger har ein innleiing der eleven lærar om sjangeren, leseriket, taleriket, språkriket og skriveriket. Det blir også opplyst at det er eit stikkordregister bakerst i boka.

Sjangarkapitla opnar med ei illustrasjon som seier noko om kva kapitlet skal handle om. Det er også ei ramme med overskrift og spørsmål knytt til overskrifta. Informasjonsdelen, leseriket, taleriket, språkriket og skriveriket har eigne mål som blir opplyst om på første sida i den aktuelle delen. Kvar del har sin eigen fargen. Informasjonsdelen er raud, leseriket er blått, taleriket er oransje, språkriket er turkist og skriveriket er lilla. Måla er tydelege og skil seg ut på oppslaget fordi dei er markert i ein boks med emnedelen sin farge. Til dømes i ein blå boks i leseriket.

I informasjonsdelen møter vi på dei to gjennomgangsfigurane som er i *Ordriket*. Dei peiker på viktige element i dei ulike sjangrane og stiller spørsmål til lesaren. Vi møter dei også på slutten av kapitlet under «Kva har du lært?». Illustrasjonar og fotografiar finn vi gjennom heile boka som ein utfylling av verbalteksten.

I leseriket finn vi ordforklaringar knytt til nokre av tekstane. Forklaringane er plassert i margen ved sida av der dei førekommer i teksten. Eleven bli i «Hva har du lært?» oppfordra til å lage si eiga ordliste med ord frå kapitlet som dei har lært eller som dei syns er morosame, rare, vakre etc... I taleriket og språkriket er viktige og sentrale ord utheva.

I byrjinga av kapitla dikt, dagbok og brev og e-post får elevane eit døme på korleis dei ulike sjangrane er bygd opp og kva element som er viktig å få med. Desse elementa er peikt på ved å bruke små, raude boksar med pilar til kvar dei førekommer i dømeteksten.

I byrjinga av leseriket blir eleven presentert for ein ny lesestrategi. Eleven blir minna på å bruke denne lesestrategien gjennom heile leseriket. Det er ei blå snakkeboble som «snakkar» til eleven.

Oppgåvene i leseriket er delt inn i *forstå*, *hugse* og *tenkje*. Oppgåvene har som føremål å øve opp ulike leseferdigheiter og nivå av leseforståinga.

4.2 Yggdrasil 5

Første oppslaget i *Yggdrasil 5* (Gran og Nordbakke, 2006) er ei innhaldsliste som viser at boka er delt inn i 10 ulike emne. Kvart emne er deretter delt inn i fire delar; *raud*, *gul*, *blå* og *innspurten*. Det blir også oppgitt at det er fasit, ordforklaringar og stikkordsliste bakarst i boka.

Det andre oppslaget heiter «Slik er Yggdrasil» (Gran og Nordbakke, 2006, s. 4). Dette oppslaget gir ein forklaring på dei ulike delane innanfor kvart emne og kva eleven kan forvente seg gjennom boka.

Først i kvart emne er det ein introduksjonsdel, her møter elevane ekornet *Ratatosk* som er ein gjennomgangsfigur gjennom heile boka. I introduksjonsdelen blir eleven presentert for kva som er mål for emnet og kva ord dei skal lære. Raud del har lite tekst og mykje bilete. Gul tekst har litt meir tekst enn raud del, men framleis mange bilete. Blå del har noko meir tekst, men framleis bilete eleven kan studere. Kvar del avsluttar med eit lite samandrag og oppgåver. Oppgåvene er delt inn i *forskarspira*, *gjere*, *hugse* og *gruble*. Innspurten inneheld ein quiz, naturfaglege artiklar frå nettet og nokre oppgåver på engelsk.

Vanskelege ord er markert med kursiv i teksten og dei er forklart i beige farga rammar. Forklaringane er samla i ordforklaringane bakerst i boka. På oppslaga kan ein også finne nokre blå felt som heiter *Visste du det?*. Dei inneheld artige fakta om emna elevane arbeider med.

Verbalteksten er utfylt og utdjupa med både illustrasjonar og fotografi. Vi finn også *figurar* som viser ulike naturfaglege fenomen, som til dømes ei næringskjede (Gran og Nordbakke, 2006, s. 190).

4.3 Globus 5

Globus 5 opnar med ei innhaldsliste som viser at boka er delt inn i dei tre emna *samfunnskunnskap, historie og geografi*. Kvar emne er igjen delt inn i kapittel. Kvar emnedel har sin eigen farge. Samfunnskunnskap er turkis, historie er oransje og geografi er lyseblå. Bakerst i boka er det ei stikkordsliste.

Gjennom heile boka finn vi turkise *fakta om...* informasjonsboksar og oransje *visste du at...* informasjonaboksar. Det er også små boksar i margteksten i same farge som emnedelen som forklarar ord frå verbalteksten eller samanfattar det viktigaste frå teksten.

Kvart kapittel opnar med ein illustrasjon eller eit fotografi på første sida. Her blir det også opplyst om kva lesaren skal lære i kapittelet. Måla er markert i ei eiga sirkelforma ramme i same farge som emnedelen. Øvst i hjørnet på kvar side er det ein liten illustrasjon som kan gje ein peikepinn på kva kapittelet handlar om. Gjennom heile boka er det illustrasjonar og fotografi som eleven kan studere. Nokre av illustrasjonane/fotografia i boka blir forklart med verbaltekst i stipla informasjonsboksar.

Vi finn *figurar* i boka som skildrar samfunnsfaglege fenomen og kakediagram som skildrar fordelinga av roller i samfunnet blant anna. Boka inneheld også tidslinje.

Oppgåvene vi finn i boka heiter *Les og svar, gjer og lær og gå vidare*.

5 Drøfting

Eg skal i drøftingsdelen svare på dei tre forskingsspørsmåla mine med utgangspunkt i eit oppslag frå kvar av lærebøkene.

5.1 Kva for leseutfordringar kan elevane møte på i det valde oppslaget frå kvart av dei tre læreverka?

Ordriket 5A

Frå *Ordriket 5A* har eg vald ut oppslaget med *Solsystemet*, sjå figur 1 (Bjerke et al, 2014, s. 42). Oppslaget består av ei side med verbaltekst og ei side med eit fotografi. Eg har også vald å sjå på oppgåvesida som høyrer med til teksten for å kunne sjå på kva ferdigheiter ved leseforståinga dei vekter i forhold til denne teksten. Oppgåvene finn vi på side 44.



Figur 1: Oppslaget til teksten *Solsystemet*. Henta frå *Ordriket 5A*, (s. 42-43), av Bjerke et al (2014).

Føremålet med norskfaget er at elevane skal kunne orientere seg i eit mangfald av tekstar. Det gjeld både skjønnlitterære- og fagtekstar. Sidan fokuset mitt ligg på fagtekstar i læreverk har eg vald ut ein fagtekst frå læreverket i norsk. Kjenneteikn ved teksten som gjer at vi ser på den som ein fagtekst er at den formidlar fakta om verdsrommet og inneheld eit ordforråd som er knytt til verdsrommet. Blant anna finn vi orda *objekter*, *himmelleger*, *gå i bane*, *kometer* og *kloder*. Mange av desse orda er fagspesifikke og finnes ikkje i alle elevane sitt kvardagsspråk. Både Ulland, Palm og Andreassen (2013), Furnes og Norman (2013), Bråten (2011) og Roe (2014) peiker på kor viktig ordforrådet er for leseforståinga til eleven. Det er nok at eleven ikkje forstår eit eller to ord for å forståinga skal svikte.

Andre vanskar eleven kan ha med språket i teksten er bruken av metaforar. Norunn Askeland skriv at metaforar er eit språkleg bilete vi brukar for å vise og lære lesaren noko (2015, s. 105). I *Solsystemet* har forfattaren brukt ordet «snøballer» for å forklare korleis vi kan tenkje oss at nokre av objekta som svever ute i verdsrommet ser ut. Forfattaren meiner ikkje at det er nokon som har laga svære snøballar og kasta dei ut i rommet, men han vil gje lesaren eit bilete inni hovudet sitt. Metaforar kan vere vanskelege å forstå fordi elevane må tenkje abstrakt, men dersom metaforen er markert på ein tydeleg måte kan det vere til hjelp for å byggje bru mellom kvardagsspråk og fagspråk (Askeland, 2015, s. 110).

Som nemnd ovanfor har teksten eit fagspesifikt språk knytt til verdsrommet. Det krev at elevane har forkunnskapar om verdsrommet for å forstå teksten. I følgje Furnes og Norman heng ordforråd og forkunnskapar saman og elevar som har eit godt ordforråd og forkunnskapar vil lettare forstå teksten (2013, s. 130). I forhold til teksten *Solsystemet* må eleven forstå at maskinane som blir sendt ut i verdsrommet er satelittar og romfartøy. Dei må også skjønne at det finnes fleire solsystem enn det som planeten jorda er i. Difor er ikkje stjernene i vårt solsystem.


Oppgåvene til teksten ber både elevane om å finne informasjon direkte i teksten, kombinere informasjon frå fleire stader i teksten og kommentere innhaldet i teksten. Oppgåve 4 på side 44 er ei finne oppgåve der eleven skal svare på korleis menneska klarar å utforske verdsrommet. Det står eksplisitt uttrykt i teksten. I spørsmål 5 må eleven klare å knytte saman forklaringa av kva ein himmellekam er og døme på ulike himmellekamen. I *tenkje-*

oppgåva må eleven klare å kommentere tekstane *Solsystemet* og *Førstemann som pissa på månen* (Bjerke et al, 2014, s. 34) og vurdere form og innhald i dei opp mot kvarandre.

Alle hjarta bankar

Oppslaget frå *Yggdrasil 5* er henta frå gul del, som er mellomnivået i boka. Oppslaget heiter *Alle hjarte bankar*, sjå figur 2 (Gran og Nordbakke, 2006, s. 84). Som vi kan sjå har oppslaget ein del tekst, men også nokre illustrasjonar. Illustrasjonane utdjuvar verbalteksten ved å gje elevane eit visuelt bilete av fenomenet.

Å lese i naturfag inneber å kunne forstå og bruke naturfaglege omgrep, symbol, figurar og argument (Utdanningsdirektoratet B, 2013, s. 4). Naturfaglege tekstar har mange fagspesifikke ord og det krev eit stort ordforråd hos elevane å forstå alle. Som vi ser av læreplanen skal ikkje elevane berre forstå orda, dei må også kunne bruke dei. *Alle hjarte bankar* inneheld mange ord som vi kan tenkje oss at elevane ikkje har i ordforrådet sitt. *Blodårer, aorta, karbondioksid* og *blodomløpet* er nokre ord frå teksten som vi kan tenkje oss at kan vere vanskelege å forstå for elevane. Føremålet med teksten er å lære elevane om hjarte og blodomløpet i kroppen vår, då er det essensielt at dei forstår orda som er knytt til dette for at dei skal kunne lære noko.



Figur 2: Oppslaget til teksten *Alle hjarta bankar*. Henta frå *Yggdrasil 5*, (s. 84-85), av Gran og Nordbakke (2006).

Nokre elevar vil gjerne klare å forstå nokre av orda ut i frå samanhengen dei står i. Anmarkrud og Refsahl skriv at nokre elevar kan forstå ukjente ord ut i frå konteksten fordi dei har gode forkunnskapar (2013, s. 41). Det er berre endå eit døme på kor tett ord- og omgrepsforståing og forkunnskapar heng saman. Å ha litt kunnskap om kroppen og korleis kroppen fungerer kan vere nyttig i denne teksten.


Naturfaglege tekstar er ofte samansette og dette oppslaget er ikkje eit unntak (Utdanningsdirektoratet B, 2013, s. 4). Oppslaget inneheld ein illustrasjon av eit hjarte, ein illustrasjon av blodomløpet og ein illustrasjon av ein elefant og ei mus. Maagerø og Winje skriv at bilete er viktig i ein samansett tekst fordi det kan seie noko anna enn verbalteksten kan (2010, s. 147). Illustrasjonen av hjarta viser godt korleis eit hjarte ser ut. Det er viktig å hugse på at illustrasjonar ofte er ein forenkla versjon av korleis det er i røynda. For at elevane skal kunne forstå illustrasjonen av hjarte må dei skjønne at pilene viser kva veg blodet blir pumpa.

Oppgåvene som er knytt til oppslaget finn vi på side 91. Oppgåve 5 er ei *hugse-oppgåve* som går ut på at eleven skal fylle ut holrom i ein tekst. Eleven kan hente svara på kva som skal fyllast inn direkte frå teksten. Det er ei oppgåve som trenar elevane sin evne til å finne informasjon i teksten (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 5). *Gjere-oppgåvene* går ut på å lage eit hjarte i plastilin etter illustrasjonen på side 84 i *figur 2*. Skjelbred skriv at gode oppgåver leiar merksemda til elevane mot paratekstane (2010, s. 179). Dette kan også overførast til det multimodale samspelet. Gode oppgåver rettleiar elevane til å sjå at dei ulike modalitetane kan skape meining på ulike måtar. Det er også ei oppgåve som går på at elevane skal lage eigne spørsmål til teksten. Det trener ferdigheitsområdet å *kunne tolke og samanfatte* fordi elevane må ha ein heilskapleg og systematisert forståing av det dei har lese for at dei skal kunne lage eigne spørsmål. Det er også ei *gruble-oppgåve* knytt til oppslaget som går ut på at elevane skal kunne reflektere over kvifor blodårene i huda ser blå ut når blodet er raudt. Her må eleven trekkje inn anna fagkunnskap og eigne erfaringar for å kunne svare (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 5).

Romarane erobra mange land

Oppslaget eg har vald frå *Globus 5* handlar om romarriket og har hovudoverskrifta *Romarriket veks fram*. Kapittelet om korleis romarriket veks fram strekk seg over fleire oppslag og oppslaget eg har vald har under overskriftene *Romarane erobra mange land*, *Republikken* og *Keisar Augustus*, sjå figur 3 (Libæk et al, 2006, s. 118). Oppslaget består av verbaltekst, illustrasjonar, eit kart og informasjonsboksar.

Utdanningsdirektoratet skriv at å lese i samfunnsfag blant anna handlar om å forstå eige og andre samfunn og andre tider gjennom å utforske, tolke og reflektere over faglege tekstar (C, 2013, s. 4). Formålet med oppslaget om Romarriket er sannsynleg at eleven skal bli kjent med romarriket og korleis det var å bu der. Typisk for lesing i samfunnsfag er at ein opererer med ei vid forståing av lesing der eleven skal kunne bruke informasjon frå både verbaltekst, bilete, teikningar og kart (Russsdal-Hamre, 2009, s. 80). Lesing i samfunnsfag krev difor at elevane har kompetanse i lesing av samansette tekstar og kan hente ut mening frå fleire modalitetar. Oppslaget eg har vald inneheld både illustrasjonar og kart som meiningsberande element.



Figur 3: Oppslag om Romarriket. Henta frå *Globus 5*, (s.118-119), av Libæk etal (2006).

Astrid Roe (2014) peiker på at sjølv om samfunnsfag i likskap med naturfag har eit fagspesifikt fagspråk er det også eit fag med mange samansette ord. Desse orda kan vere satt saman av kjente ord, men når dei blir satt saman er dei vanskelege å lese. Døme på slike ord i det oppslaget eg ser på er *Romarriket* og *manntal*. Vi finn også fagspesifikke ord i teksten som kan skape problem for elevane. *Offiser*, *republikk* og *senat* er ord som ein ikkje kan forvente at elevane kan dersom dei ikkje har gode forkunnskapar om romarriket.

Ein elev som kan mykje om romarriket vil ha lettare for å tileigne seg denne teksten enn ein elev som har mangelfulle forkunnskapar. Monica Reichenberg legg vekt på at innhaldet i læreboktekstar kan vere konsentrert, altså at ein tar ikkje med meir informasjon enn ein må (2011, s. 84). Det fører til at omgrep eller fenomen ikkje blir forklart. Det kan vi sjå på at blant anna orda eg trakk fram i stad som vanskelege ikkje blir forklart i teksten.

Oppgåvene som høyrer til oppslaget eg har vald finn vi på side 131 i *Globus 5*. To av oppgåvene ligg under kategorien *les og svar*. Her skal eleven svare på kva ein diktator er og kven keisar Augustus var, dette er informasjon eleven kan trekkje rett ut frå teksten. I oppgåve 11 under *gjer og lær* skal eleven forklare kva som hende når Romarriket blei republikk. Her kan eleven til dels skrive av boka, men læraren bør oppfordre eleven til å vise at dei har forstått teksten og prøve å forklare med eigne ord. Då får eleven vist ein heilskapleg og detaljert forståing av teksten. Det er også ei oppgåve som går på å samanlikne kartet over Romarriket med eit moderne kart og sjå på kva land som ville høyrte til Romarriket i dag. Dette er ei god oppgåve som gjer at eleven må ta i bruk dei andre modalitetane i teksten og ikkje berre lese verbalteksten. Skjelbred skriv at gode oppgåver leiar merksemda til elevane mot paratekstane (2010, s. 179). Dette kan også overførast til det multimodale samspelet. Gode oppgåver rettleiar elevane til å sjå at dei ulike modalitetane kan skape meining på ulike måtar.

5.2 På kva måtar legg elevbøkene i læreverka i norsk, naturfag og samfunnsfag opp til at elevane skal bruke lesestrategiar medan dei les?

Bråten (2011) og Ulland, Palm og Andreassen (2013) peikte på at gode lesarar klarar å overvake sin eigen forståing medan dei les, stoppe opp når dei møter på noko som er

vanskeleg og ta i bruk relevante lesestrategiar. Eg skal nå sjå på korleis elevbøkene i læreverka *Ordriket 5A*, *Yggdrasil 5* og *Globus 5* legg opp til at elevane kan aktivere lesestrategiar medan dei les.

Som vi såg på oppslaget i *figur 1* frå *Ordriket 5A* kan eit fagspesifikt språk, mangel på forkunnskapar og metaforar skape problem for elevane når dei skal lese teksten *Solsystemet*.

Forkunnskapar kan som vi har sett i Bråten (2011), Anmarkrud og Refsahl (2013) og Ulland, Palm og Andreassen (2013) både handle om innhaldet i teksten og om teksten sin struktur. Når det kjem til teksten sitt innhald kan bilete på side 43 vere med på å aktivere elevane sine forkunnskapar. Maagerø og Winje (2010) og Løvland (2015) peikte på at ei bilete skapar raskare kontakt med lesaren og forankrar lærestoffet til røynda. Fotografiet i *figur 1* kan vere med på å kople eleven på kva teksten handlar om og starte ein tankeprosess der nyttig forkunnskapar kan kome fram. Teksten *Solsystemet* finn vi i leseriket til kapittelet i *Ordriket 5A* som heiter *Sjanger*. Lesestrategien elevane skal arbeide med i dette kapittelet er å finne sjangertrekk før dei les. Forfattarane av *Ordriket 5A* påpeiker at å sjå på sjangertrekk før ein les gjer at ein får tankane i sving (Bjerke et al, 2014, s. 16). Elevane får hjelp til å hugse på å leite etter sjangertrekk før dei les ved at ei blå snakkeboble øvst i høgre hjørnet minner dei på det. På fagspråket vil denne snakkebobla bli kalla for ein informasjonsboks og det er ein del av parateksten til teksten. Den skil seg ut på oppslaget ved at den er blå og har form som ei snakkeboble.

For å hjelpe elevane med dei fagspesifikke orda har *Ordriket 5A* inkludert ordforklaringar i margteksten. Orda som er forklart er ikkje markert i teksten, så eleven må sjølv ta initiativ til å stoppe opp og sjå etter ordforklaringar, eventuelt lese ordforklaringane på førehand. Eg peikte på at *kloder* og *objekter* er omgrep knytt til verdsrommet som kan vere vanskeleg for elevane å forstå dersom dei ikkje har eit stort ordforråd/forkunnskapar knytt til emnet. Likevel kan vi sjå at to av dei orda som er forklart i margteksten er *ufatteleg* og *kolossal*. Det peiker på at forfattarane av *Ordriket 5A* er klar over at det ikkje berre er dei fagspesifikke orda i ein tekst som kan vere problematiske for elevane (Roe, Ryen og Weyergang, 2018, s. 57). Sidan det som regel er dei fagspesifikke orda som blir gjennomgått i fellesskap i

klasserommet før lesing, gir det eleven ekstra støtte at vanskelege ord som ikkje er fagspesifikke får ein forklaring i margteksten til teksten.

Vi kan sjå at *Ordriket 5A* gir eleven eit godt utgangspunkt for at dei kan aktivere relevante forkunnskapar til teksten *Solsystemet* medan dei les.

Alle hjarta bankar

Omgrepsforståing er som nemnd ein viktig ferdighet i naturfag. Elevane møter på mange ord i teksten som det ikkje er sikkert dei kan frå før. Sidan desse orda kan vere svært meiningsberande og avgjerande for forståinga av teksten er det viktig at elevane skjønner kva dei tydar. På oppslaget om hjarte sin funksjon i kroppen i *figur 2* er det mange fagspesifikke ord som er knytt til hjarte og blodmløpet. Dersom elevane ikkje har lært desse orda tidlegare har dei ingen føresetnad for å kunne forstå kva dei tydar. Forfattarane av *Yggdrasil 5* har difor lagt inn ordforklaringar på dei fleste av desse orda. Ordforklaringane står på side 85, sjå *figur 2*. Orda som er forklart er markert med *kursiv* i teksten slik at det er lett for elevane å forstå kva ord dei kan finne forklaringa på i boksen. Korleis boksen med ordforklaringar ser ut og at ord som blir forklart er kursivert blir forklart på det andre oppslaget i boka som heiter *Slik er Yggdrasil* (Gran og Nordbakke, 2006, s. 4).

Omgrepsforståing er ein del av eleven sine forkunnskapar, fordi det er lettare å tileigne seg nye ord når ein har eit godt ordforråd frå før (Furnes og Norman, 2013, s. 130). Det er difor viktig at elevane får kople på forkunnskapane sine før dei byrjar å lese. Illustrasjonane kan vere med på å kople på forkunnskapar. Det er stor forskjell på korleis ein hjarteform ser ut og korleis eit verkeleg hjarte ser ut. I illustrasjonen av blodmløpet kan eleven byrje å tenkje på sin eigen kropp, kanskje dei har sett nokon blodårar under huda?

I den blå *visste du det?* – boksen står det at hjarte til eit dyr slår meir langsamt di større dyret er. Elevane kan kople på forkunnskapar ved å tenkje over kvifor det er slik og samanlikne seg sjølv (menneske) med dei andre dyra.

Romarane erobra mange land

Eg peikte på at kartet i *figur 3* frå *Globus 5* kan vere vanskeleg for eleven å lese meining ut frå. Men dersom eleven klarar å bruke kartet kan dei også hente mykje meining der. Kartet kan både bli brukt til å aktivere forkunnskapar ved at elevane kjenner igjen området og kan byrje å trekkje parallellar til korleis det er i dag. Det såg vi at dei også forsøkte å setje lys på i den eine oppgåva som hørde til oppslaget der dei bad eleven om å samanlikne kartet på side 118 med eit moderne kart.

Oppslaget eg har vald ut består av 3 underoverskrifter. Til kvar underoverskrift høyrer det til ein oransje informasjonsboks. Inni den boksen er det eit lite samandrag der dei har henta ut den viktigaste informasjonen frå teksten. Å lese samandrag før eller etter ein les teksten kan hjelpe eleven til å strukturere lesinga og trekkje ut det som er mest sentralt (Skjelbred, 2010, s. 179).

Illustrasjonane kan vere til hjelp for å aktivere forkunnskapar. Illustrasjonane seier noko anna om temaet enn verbalteksten (Maagerø og Winje, 2010, s. 147). Her kan vi trekkje inn funksjonell spesialisering (Russdal-Hamre, 2018, s. 44). Offiser kan vere eit vanskeleg ord, men illustrasjonen nedst på side 118 i *figur 3* viser godt korleis ein offiser ser ut.

Illustrasjonen er betre eigna til å trekkje fram detaljar ved kleda til ein offiser enn det teksten er. Dersom elevane har sett eit bilete av ein offiser før kan det hjelpe dei i ordforståinga og med å aktivere forkunnskapar.

5.3 Kva for skilnadar og likskapar finn ein mellom dei tre læreverka når det gjeld leseutfordringar og fokus på lesestrategiar?

Eit element som var til stades i dei tre læreverka som kan skape problem for elevane var vanskelege ord. Det kan sameinast med korleis Ulland, Palm og Andreassen definerte fagtekstar (2013, s. 122). Det var berre *Ordriket 5A* og *Yggdrasil 5* som hadde ordforklaringar i margteksten. Det kan vere fordi at å forstå naturfaglege omgrep er ein del av å kunne lese i naturfag (Utdanningsdirektoratet B, 2013, s. 4). Dei er difor opptekne av å lære eleven flest mogleg naturfaglege ord slik at dei skal kunne bruke dei. Norskfaget har eit særleg ansvar for å utvikle elevane sine grunnleggjande språkferdigheiter. Det er difor naturleg at eit fokus i

norskfaget er å utvikle elevane sitt ordforråd. Vi såg blant anna at orda som var forklart i *Solsystemet* ikkje berre var fagspesifikke ord. *Yggdrasil 5* har også ei ordliste med alle ordforklaringane bakarst i boka, *Ordriket 5A* oppfordrar elevane til å lage si eigen ordliste med forklaringar, medan *Globus 5* berre har stikkordsliste. *Yggdrasil 5* er det einaste læreverket som markerar orda dei forklarar i teksten ved å kursivere dei. Det gjer det lettare for eleven å sjå kva ord dei kan forvent å finne forklaring på og kva ord dei sjølv må finne ut kva tyder dersom dei ikkje forstår.

Som vi såg i Russdal-Hamre (2009) opererer samfunnsfag med ei vid forståing av lesing og det er viktig at elevane kan hente ut meining frå andre modalitetar enn berre verbalteksten. Som vi såg på oppslaget i *Globus 5* viser verbalteksten til kartet for å vise korleis Romarriket såg ut. Vi kan seie at kartet utfyller informasjonen som står i verbalteksten fordi eleven får vite noko nytt av å «lese» kartet. I *Yggdrasil 5* har illustrasjonane meir som oppgåve å utdjupe teksten ved at eleven får inn informasjonen som står i verbalteksten på ein annan måte, visuelt. Fotografiet som høyrer til teksten *Solsystemet* i *Ordriket 5A* tolkar eg at er der mest for å illustrere temaet i teksten. Det har liten utdjupande eller utfyllande funksjon.

At *Ordriket 5A* er det einaste læreverket som eksplisitt gir elevane lesestrategiar dei kan lese peiker igjen på at norskfaget har eit særleg ansvar for leseopplæringa. Det står også i formålet til faget at det skal vere med å bidra til å utvikle gode læringsstrategiar hos elevane. Det kan vi seie at *Ordriket* gjer sidan dei gjer elevane lesestrategiar.

Globus 5 har små samandrag av teksten undervegs som gjer det lett for elevane å trekkje ut det mest sentrale frå teksten. *Yggdrasil 5* har eit lite samandrag på slutten av kvar fargedel. Dagrun Skjelbred skriv at samandrag kan ta opp det viktigaste i teksten og presentere nokon av dei viktigaste fagomgrepa frå teksten (2015, s. 43). Det gir struktur i lesinga og kan hjelpe elevane å fokusere på det som er sentralt i teksten for å forstå.

6 Avslutning/konklusjon

Til slutt i oppgåva mi vil eg gje ein kort oppsummering av kva eg har kome fram til i forhold til problemstillinga. Eg ville prøve å finne ut av korleis ansvaret for lesing som grunnleggjande ferdigheit blei forvalta i tre læreverke frå norsk, naturfag og samfunnsfag.

Dei tre læreverka *Ordriket 5A*, *Yggdrasil 5* og *Globus 5* er alle bygd opp på forskjellige måtar og inneheld ulike paratekstar og modalitetar. Det er naturleg då grunnen til at lesing er ein grunnleggjande ferdigheit er fordi kvart fag har sine egne fagspesifikke tekstar som krev egne lesestrategiar for å kunne hente ut informasjon. Basert på min analyse og undersøking forvaltar alle desse tre læreverka sitt ansvar for lesing i dei ulike faga.

Alle dei tre læreverka har element som viser at dei har fokus på lesing. Og gjerne då spesielt det aspektet som er viktig for lesing i det spesifikke faget. I norsk er å få innsikt, finne informasjon, forstå, stille seg kritisk og sjølvstendig til, tolke og reflektere over og vurdere viktige aspekt ved lesinga (Utdanningsdirektoratet C, 2015, s. 3). Eleven får innsikt i eit emne og hjelp til å forstå ved bruk av ordforklaringar og lesestrategi. Oppgåvene oppfordrar eleven til å finne informasjon og tolke og vurdere.

I naturfag skal eleven blant anna forstå og bruke naturfaglege omgrep. Det ser vi at *Yggdrasil 5* har fokus på då dei både kursiverer ord i teksten, forklarar dei i ein boks i margteksten og har ei ordliste med forklaringar bakarst i boka. Kor dei finn ordforklaringar blir også forklart i introduksjonen til korleis elevane kan bruke boka. Dei skal også kunne identifisere, tolke, bruke og samanlikne informasjon. I oppgåvene til teksten såg vi at elevane både skal finne informasjon, tolke og reflektere.

I samfunnsfag legg dei vekt på at eleven skal kunne trekkje ut informasjon frå andre modalitetar enn berre verbalteksten (Rusdøl-Hamre, 2009, s. 80). Oppslaget frå *Globus 5* inneheld difor både kart og illustrasjonar som kan gje eleven nyttig informasjon om Romarriket. Oppgåvene til teksten er lagt opp slik at elevane skal bruke dei ulike modalitetane når dei løyser oppgåvene. Det er med på å vende elevane sitt blikk mot paratekstane og dei får øve seg på å hente ut informasjon frå dei.

Denne analysen kan ikkje seie noko generelt om korleis lesing som grunnleggjande ferdigheit blir forvalta i norsk, naturfag og samfunnsfag. Det kunne difor vore interessant å gå i djupn på dei enkelte faga og analysere fleire læreverke frå same fag. Det er noko som kan bli gjort i ei framtidig analyse. Det kunne også vore spanande å intervjuje lærarar om korleis dei opplever at læreverka i norsk, naturfag og samfunnsfag forvaltar lesing som grunnleggjande ferdigheit. Dette er idear som kan vere nyttige å ta med seg inn i eit eventuelt framtidig prosjekt.

Kjelder

Primærkjelder:

Bjerke, C., Brandrud, K., Garmann, G. S., Mæhle, L., Strømdahl, T. Og Ulland, G. 2014.

Ordriket. Elevbok 5A. Bergen: Fagbokforlaget

Gran, K og Nordbakke, R. 2006. *Yggdrasil 5.* (2. utg). Oslo: Aschehoug & CO.

Libæk, I., Mathiesen, T., Mikkelsen, R. Og Stenersen, Ø. 2006. *Globus 5. Elevbok.* Oslo:

Cappelen Damm.

Sekundærkjelder:

Anmarkrud, Ø. & Refsahl, V. 2013. *Gode lesestrategier – på mellomtrinnet.* Oslo: Cappelen

Akademiske forlag.

Askeland, N. 2015. Metaforer i fagtekster og lærebøker. Reoriske og pedagogiske

utfordringer. I Maagerø, E. Og Tønnessen, E. S. (Red.) *Å lese i alle fag.* (s. 96-118).

Oslo: Universitetsforlaget

Birkeland, T., Mjør, I. & Teigland, A-S. 2018. *Barnelitteratur: sjangrar og teksttypar*. Oslo: Cappelen Damm.

Bjorvand, A-M. & Tønnessen, E. S. (red.). 2012. *Den andre leseopplæringa. Utvikling av lesekompetanse hos barn og unge*. (2.utg). Oslo: Universitetsforlaget.

Bråten, I. 2011. A Leseforståelse – innledning og oversikt. I Bråten, I. (red). *Leseforståelse. Lesing i kunnskapssamfunnet – teori og praksis*. (s. 9-19). Oslo: Cappelen Damm.

Bråten, I. 2011. B Leseforståelse – komponenter, vansker og tiltak. I Bråten, I. (red). *Leseforståelse. Lesing i kunnskapssamfunnet – teori og praksis*. (s. 45-81). Oslo: Cappelen Damm.

Christoffersen, L & Johannessen, A. 2012. *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag.

Furnes, B. R. & Norman, E. 2013. Læringsstrategier og metakognisjon. I Krumsvik, R. J. & Säljö, R. (red.) *Praktisk-pedagogisk utdanning*. (s. 117-144). Bergen: Fagbokforlaget.

Grepstad, O. 1997. *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk*. Oslo: Det norske samlaget.

Iversen, H. M. & Otnes, H. 2016. *Å lære å skrive. Tekstkompetanse i norskfagets skriveopplæring*. Oslo: Universitetsforlaget.

Karlsen, L. Og Maagerø, E. 2009. Figuren som multimodal utfordring i lesing av matematikkttekster. I Knudsen, S. V., Skjelbred, D. Og Aamotsbakken, B. (red.). *Lys på lesing. Lesing av fagtekster i skolen.* (s. 251-270). Oslo: Novus Forlag.

Kuldbrandstad, L. I. 2018. *Lesing i utvikling. Teoretiske og didaktiske perspektiver.* (2.utg). Oslo: Fagbokforlaget.

Løvland, A. 2007. *På mange måtar. Samansette tekstar i klasserommet.* Bergen: Fagbokforlaget.

Løvland, A. 2012. Når barn leser fagbøker. I Bjrovand, A-M. & Tønnessen, E. S. (red.). *Den andre leseopplæringa. Utvikling av lesekompetanse hos barn og unge.* 2. utg. (S. 81-102). Oslo: Universitetsforlaget.

Mortensen-Buan, A-B. 2015. Lesestrategier og metoder. Arbeid med fagtekster i klasserommet. I Maagerø, E. & Tønnessen, E. S (red). *Å lese i alle fag* (2.utg). (s. 180-202). Oslo: Universitetsforlaget.

Moskvil, M. E. 2015 Når den minoritetsspråklege møter fagteksten. I Maagerø, E. Og Tønnessen, E. S. (Red.) *Å lese i alle fag.* (s. 160-179). Oslo: Universitetsforlaget.

Maagerø, E. & Tønnessen, E. S. 2015. Å lese i alle fag. I Maagerø, E. Og Tønnessen, E. S. (Red.) *Å lese i alle fag.* (s. 15-33). Oslo: Universitetsforlaget.

Maagerø, E. Og Winje, G. 2010. Multimodalitet og læremidler. I Skjelbred, D. & Aamotsbakken, B. *Lesing av fagtekster som grunnleggende ferdighet*. (s.143-168) Oslo: Novus Forlag.

Reichenberg, M. 2009. Att bygga upp sin läsförståelse medan man läser. I Knudsen, S., V., Skjelbred, D. & Aamotsbakken, B. (red.) *Lys på lesing. Lesing av fagtekster i skolen*. (s. 165-190). Oslo: Novus Forlag.

Reichenberg, M. 2011. La det bli et eventyr å lese lærebøker! I Bråten, I. (red.) *Leseforståelse. Lesing i kunnskapssamfunnet – teori og praksis*. (s. 82-109). Oslo: Cappelen Damm.

Roe, A. 2014. *Lesediaktikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Roe, A., Ryen, J. A. Og Weyergang, C. 2018. *God leseopplæring med nasjonale prøver. Om elevers leseutfordringer i et mangfold av tekster*. Oslo: Universitetsforlaget

Russdal-Hamre, B. 2018. Norsk lærerstudenter og multimodalitet – en analyse av eksamensbesvarelser. I Rogne, M. & Waage, L. R. (red.) *Multimodalitet i skole- og fritidstekstar*. (s. 39-54). Bergen: Fagbokforlaget.

Skjelbred, D. 2009. Lesing og oppgaver i lærebøker. I Knudsen, S. V., Skjelbred, D. & Aamotsbakken, B. (red.) *Lys på lesing. Lesing av fagtekster i skolen.* (s. 271-289). Oslo: Novus forlag.

Skjelbred, D. 2010. Lærerveiledninger og oppgaver. I Skjelbred, D. & Aamotsbakken, B. (red.) *Lesing av fagtekster som grunnleggende ferdighet.* (s. 169-184). Oslo: Novus Forlag

Skjelbred, D. 2015. Framstillingsformer og lesemåter i fagtekster. I Maagerø, E. Og Tønnessen, E. S. (Red.) *Å lese i alle fag.* (s. 34-52). Oslo: Universitetsforlaget.

Torvatn, A. C. 2004. *Tekststrukturens innvirkning på leseforståelsen. En studie av fire læreboktekster for ungdomstrinnet og sju elevers lesing av dem.* Henta frå: https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/133736/rapp13_2004.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Ulland, G., Palm, K. & Andreassen, R. 2013. Den andre skrive- og leseopplæringa: lesing. I Traavik, H. & Kolberg, B., J.(red.) *Norskboka 2.* (s. 112-134). Oslo: Universitetsforlaget.

Utdanningsdirektoratet A. 2013. *Læreplan i Norsk.* Henta frå: <https://www.udir.no/kl06/NOR1-05>

Utdanningsdirektoratet B. 2013. *Læreplan i Naturfag.* Henta frå : <https://www.udir.no/kl06/NAT1-03>

Utdanningsdirektoratet C. 2013. *Læreplan i Samfunnsfag*. Henta frå :

<https://www.udir.no/kl06/SAF1-03>

Utdanningsdirektoratet C. 2015. *God leseopplæring – for lærere på ungdomstrinnet*. Henta

frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/lesing/god leseopplaring--for-larere-pa-ungdomstrinnet/lesing-som-grunnleggende-ferdighet/>

Utdanningsdirektoratet. 2017. *Rammeverk for grunnleggende ferdigheter*. Henta frå:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/rammeverk-for-grunnleggende-ferdigheter/>

Utdanningsdirektoratet. A. 2015. *Norsk – veiledning til læreplan*. Henta frå:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/veiledning-til-lp/norsk---veiledning-til-lareplan/>

Utdanningsdirektoratet. B. 2015. *Komponenter i god leseopplæring – hele dokumentet*.

Henta frå: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/lesing/Komponenter-i-god leseopplaring/3-A-utvikle-strategiske-lesere/>

Aasen, Ivar. 1982. *Norske Ordtak/Norske Ordsprog*. 3. utgåve ved Johannes Gjerdåker. Voss:

Vestanbok Forlag.

Vedlegg

Skjema for analyse

Det paratekstlege

	Ordriket	Yggdrasil	Globus
Ordforklaring	<ul style="list-style-type: none">• Det er nokre ordforklaringar i leseriket. Døme til teksten <i>Solsystemet</i> (Bjerke et al, s. 42). <i>Opp ned... og litt til siden</i> (s. 45).	<ul style="list-style-type: none">• Orda som eleven skal lære i emnet blir forklart når dei dukkar opp i teksten, dei er lett å finne i gule boksar på oppslaget.• Andre ord dei meiner er vanskelege er også forklart, det er ofte naturfaglege ord (døme side 44).	<ul style="list-style-type: none">• Boksar i same farge som emnedelen trekkjer det viktigaste ut av teksten. Her kan eleven få forklaring på ord, oppsummering av det viktigaste i teksten eller utdypning. Til dømes på side 170. Der blir ordet befolkning forklart.
Utheving/ kursivering	<ul style="list-style-type: none">• I taleriket er viktige ord som er knytt til det eleven skal lære kursivert eller utheva. Det	<ul style="list-style-type: none">• Vanskelege ord som blir forklart i gul informasjonsboka er kursivert.• Utheving for å markere	<ul style="list-style-type: none">• Utheving for å vise kva som er innleiing.• Utheving av underoverskrifter, vise start på

	<p>same er det i språkriket. Her må eg gå inn i sjå på kva kursiveringa og uthevinga tyder.</p>	<p>underoverskrifter</p>	<p>nytt emne? Eller underemne.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ingen kursivering eller utheving av vanskelege ord.
<p>Rammetekst/informasjonsboksar</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Forklaring på korleis ein kan byggje opp ei dagbok, eit dikt eller eit brev/e-post • Når de forklarar lesestrategi, kjenneteikning på sjanger • Mål: dei kan fortelje eleven kva som er viktig og sentralt. 	<ul style="list-style-type: none"> • Visste du at??? • Introduksjonsdel: gul boks for ord ein skal lære • Grøn boks for måla for emnet, eige mål for kvar fargedel. • Blå visste du at boks. • Mål for kvar fargedel på første oppslag i nytt emne. Desse blir tatt opp igjen i «på målstreken». • Mål i byrjing av kvart kapittel. I ein liten boks på same side som fotografiet/illustrasjonen til det nye kapitlet. Same farge som emnedelen. 	<ul style="list-style-type: none"> • Boksar i same farge som emnedelen trekkjer det viktigaste ut av teksten. Her kan eleven få forklaring på ord, oppsummering av det viktigaste i teksten eller utdypning. • «Visste du at..» • «Fakta om..» s. 170 • Stipla informasjonsboksar i same farge som emnedelen som gir ein forklaring til bilete og illustrasjonar.
<p>Margtekst</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Ordforklaringane 	<ul style="list-style-type: none"> • Visste du at 	<ul style="list-style-type: none"> • Boksar i same farge

		<ul style="list-style-type: none"> • Ordforklaringar • Mål 	<p>som emnedelen trekkjer det viktigaste ut av teksten. Her kan eleven få forklaring på ord, oppsummering av det viktigaste i teksten eller utdjupning.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nokre av bileta eller illustrasjonane blir forklart av boksar med stipla kant i same farge som emndelen.
Ordliste	<ul style="list-style-type: none"> • I ordriket blir eleven på siste side i kapittelet oppfordra til å lage ei eige ordliste over ord dei har lært eller likte eller på annan måte la merke til gjennom kapittelet. På den måten får 	<ul style="list-style-type: none"> • Stikkordsliste bakerst i boka • Alle orda som er forklart i boka er også samla i ei liste bakerst i boka. 	<ul style="list-style-type: none"> • Berre stikkordliste

	<p>eleven utvida ordforrådet sitt.</p> <ul style="list-style-type: none"> • På slutten av læreboka er det eit stikkordsregister, der eleven kan finne fram til kor ulike ord er forklart i boka. Desse ord er for det meste knytt til det grammatiske og henta frå taleriket/spåråriket. 		
Innhaldsliste	<ul style="list-style-type: none"> • På side 4-5. • Viser at boka er delt inn i firekapittel • Viser dei fem delane under kvart kapittel • Stikkordsregister 	<ul style="list-style-type: none"> • På andre oppslag er det ei innhaldsliste med alle emne boka inneheld. Boka inneheld 10 emne, som alle er delt inn i dei fem delane. Boka inneheld også fasit til quizane, ordforklaringar, stikkordsregister og illustrasjonsliste. 	<ul style="list-style-type: none"> • På andre oppslag er det ei innhaldsliste som viser at boka er delt inn i tre delar; samfunnskunnskap, historie og geografi. • Samfunnskunnskap har fire kapittel • Historie har fem kapittel • Geografi har fire kapittel.

			<ul style="list-style-type: none"> • Heilt på slutten av boka er det eit stikkordregister.
--	--	--	---

Det multimodale samspelet

	Ordriket	Yggdrasil	Globus
Illustrasjoner	<ul style="list-style-type: none"> • Illustrasjonar på første oppslag i nytt kapittel som seier noko om kva kapittelet handlar om. • Gjennomgangsfigur som hjelper eleven med å hugse viktige ord eller fokusere på noko viktig i teksten. • Illustrasjonar som prøver å vise døme på det so står i verbalteksten. T.d natt/natt på side 58. Snill, snillere, snillest på side 151. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ratatosk er eit ekorn som følgjer eleven gjennom heile boka, men er mest tydeleg i introduksjonsdelen til eit nytt emne der han gir ei oppgåve som innleiing til emnet. • Det er illustrasjonar som passa til dei ulike emna og fargedelane. Nokre er for syns skuld trur eg, medan andre er for å utdjupe eller utvide det som står i verbalteksten. • Illustrasjonar av blommar • Illustrasjonar av dyr/smådyr • Illustrasjon av kroppen, side 84: hjarte. Side 85: forenkla teikning av blodomløpet. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ei farga (etter del) stipla stripe blir brukt som ein gjennomgangsillustrasjon gjennom heile boka. Vi ser denne stripa først som ei flystripe på forsida til boka. • Det er små illustrasjonar øverst i hjørnet på kvar side som seier noko om kva kapittelet handlar om. • Kan utdjupe verbalteksten som på side 13 om normer.

Fotografier	<ul style="list-style-type: none"> • I leseriket knytt til emnet i teksten. T.d teksten om solsytemet på side 42. 	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennom dei ulike emna og delane finn vi mange ulike fotografi. • Fotografi av dyr • Fotografi av menneske • Fotografi av handlingar?? Hendingar??? • Nokre plassar blir fotografi og illustrasjon set opp mot kvarandre, som på side 42-43. 	<ul style="list-style-type: none"> • På byrjinga av nokre kapitte er det fotografi. Desse kan vere med på å aktivere forkunnskapar.
Figurar		<ul style="list-style-type: none"> • På side 25 ser vi eit døme på ein figur som visar ein «nøkkel» for korleis ein kan bestemme smådyr • På side 73, har vi ein figur som visar kva ein treng for å lage ein «rakett» og korleis denne skal vere sett saman. • På side 190, ser vi døme på ei enkel næringskjede. 	<ul style="list-style-type: none"> • Kakediagram på side 10. • Kakediagram side 22. • Side 152: figur som viser kva som skjedde når isbreane smelta.
Fargar	<ul style="list-style-type: none"> • Leseriket er blått • Taleriket oransje • Språkriket turkis • Skriveriket lilla • Ikkje presenter i innhaldslista. 	<ul style="list-style-type: none"> • Fargar blir brukt til å strukturere boka. Ved å sjå på kva fargedel dei er på veit eleven kva dei kan forvente av boka 	<ul style="list-style-type: none"> • Samfunnsfagdel en er turkis • Historie delen er oransje • Geografidelen er blå. • Visste du at.. og fakta om.. boksane skil seg ut på oppslaget fordi dei tek

			faren til ein annan emndel. Til dømes er fakta om.. på side 170 turkis, medan geografidelen er blå.
Tabellar	<ul style="list-style-type: none"> Brukt i forbindelse med gradbøying på side 151. 	<ul style="list-style-type: none"> På side 97 finn vi eit søylediagram. Det er ei del av ei oppgåve. 	<ul style="list-style-type: none">

Spørsmål og oppgaver

	Ordriket	Yggdrasil	Globus
Fakta	<ul style="list-style-type: none"> «Hugse»: Oppgåve 5 på side 44. Gje minst tre døme på ulike himmellegemar. 	<ul style="list-style-type: none"> Hugse oppgåvene går på om eleven hugsar det viktigaste faktastoffet. Hugse 3 på side 191. Finne og kombinere informasjon frå fleire stader i teksten. Spørsmål 6-13 på side 45 handlar om å fullføre setningane. Setningane er litt vridd om frå korleis dei står i teksten. Nokre av svara er også henta frå teksten til illustrasjonen på side 40. Finne og kombinere informasjon. 	<ul style="list-style-type: none"> Spørsmål til <i>Busetjing</i> på side 175: Kva meiner vi med busetjing. Det er forklart i i ein informasjonsboks i margteksten. Eleven må difor lese alle elementa i teksten for å kunne svare på spørsmålet. Spørsmål 7 handlar om å studere kartet på side 171. Inkluderar andre element enn berre verbalteksten.

Tolke og samanholde	<ul style="list-style-type: none"> • Identifisere sjanger i <i>Brev til Barbara</i>. • Ordkunnskap i forstå oppgåvene; • Samanlikne tekstane <i>Førstemann som pissa på månen</i> og <i>Solsystemet</i>. 	<ul style="list-style-type: none"> • Gjere på side 191; skriv fakta om to eller tre av dei små dyra. Må kople saman fakta frå ulike stader i teksten. • Lage eigen næringskjede på side 191. Hjelper eleven å løfte blikket mot illustrasjonen av ei næringskjede. 	<ul style="list-style-type: none"> • Spørsmål 11 side 175: lage egne spørsmål til teksten gjer at eleven viser detaljert forståing av teksten. • Spørsmål 13 på side 17; skrive om teksten med egne ord.
Reflektere og vurdere	<ul style="list-style-type: none"> • Ja, «tenkje» oppgåvene. • Korleis trur du pappa Leo har det? Tenkje 8 på side 199. • Samanlikne hovudperson med seg sjølv. Oppgåve til <i>Brev til Barbara</i> på side 199. • 	<ul style="list-style-type: none"> • Oppgåve 5 på side 191; trur DU at vassskorpionen er i slekt med andre skorpionar. Dra inn egne erfaringar og fagkunnskap • 	<ul style="list-style-type: none"> • Spørsmål 8 på side 17 til <i>Reglar i samfunnet</i> på side 13: kvifor trur DU ein straffar lovbrutarar. Her skal eleven vurdere innhaldet i teksten ut frå fagkunnskap og egne erfaringar. • Skrive spørsmål til bilete; må trekkje inn seg sjølv. Spørsmål 12, side 16.

Lesekurs

	Ordriket	Yggdrasil	Globus
Instruksjonar	<ul style="list-style-type: none"> • På baksida av elevboka finn vi ein forklaring på dei ulike rikene som er i boka. 	<ul style="list-style-type: none"> • På tredje oppslag i elevboka (side 4) finn vi eit oppslag som er kalla «Slik er Yggdrasil». Her får eleven 	<ul style="list-style-type: none"> • Lite intruksjonar om korleis ein skal lese teksten,

		<p>forklart korleis dei ulike delane innanfor kvart kapittel er lagt opp og kva dei kan forvente av boka.</p> <ul style="list-style-type: none"> • I introduksjonsdel en får elevane vite kva mål dei skal arbeide mot og kva ord dei skal lære. Dei blir og introdusert for Ratatosk som vil gje ein introduksjonsoppgåve. • Raud del inneheld mest bilete og ikkje så mykje tekst. • Gul del har mange bilete ein kan studere, men litt meir tekst. • Blå del har framleis bilete, men endel meir tekst ein dei føregåande delane. Kunnskapen eleven lærer her er i gå i djupd innanfor ein mindre del av emnet. • På slutten av kvar fargedel er det eit lite samandrag som dei kallar «kort sagt» og oppgåver. Oppgåvene er 	<p>kva ein bør tenkje på.</p>
--	--	--	-------------------------------

		<p>delt inn i fire; forskarspiren, gjere, hugse og gruble.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Innspurten er siste del av emnet og inneheld ein quiz der eleven kan teste seg sjølv. Dei kan også sjekke om dei har nådd måla i emnet ved å svare på «på målstreken». • Naturfag frå nettet: små naturfaglege artiklar frå internett. Øve på kompetanse i lesing og skriving. • Siste del er oppgåver på engelsk der eleven kan lære engelske ord som har med naturfag å gjere. • Eleven får vite at vanskelege ord er markert med kursiv i teksten og blir forklart i farga felt som skal vere lett å finne på sida. I denne boksen står også orda som eleven skal lære i emnet. • Eleven får oppgitt at dersom dei lurar på noko kan dei slå opp i 	
--	--	--	--

		<p>stikkordsregister et der dei viktigaste stikkorda er samla.</p> <ul style="list-style-type: none"> • På oppslaga kan du også finne lyseblå felt som heiter «visste du det?» her får dei artige fakta om emna dei arbeider med. 	
<p>Lesestrategi (eksplisitt)</p>	<ul style="list-style-type: none"> • I begynnelsen av kvart leserike får eleven presentert ein lesestrategi som dei blir minna på gjennom heile leseriket. Strategien er gjerne knytt til emnet, t.d å kunne finne sjangertrekk før ein les (forkunnskap/tekstkunnskap). Eleven blir minna på denne via ei snakkeboble, ein kan tenkje seg at læreverket snakkar til eleven. • Bedt om å bruke lesestrategi i oppgåvene; oppgåve 3 på side 199 til <i>Brev til Barbara</i>. 	<ul style="list-style-type: none"> • Under forklaringa av raud del (side 4) blir det sagt at ein kan lære mykje av å studere bilete nøye. Dette er ein lesestrategi eleven kan bruke for å aktivere forkunnskapar eller for å utdjupe informasjon dei får frå teksten dei les. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ingen som eg har funnet
<p>Presentasjon av paratekst</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Korleis eleven kan bruke paratekstane i boka bli ikkje presentert på ein tydeleg måte. 	<ul style="list-style-type: none"> • På baksiden av boka står det at kvart emne i boka er delt inn i fem delar; introduksjonsdel, rød/gul/blå differensieringsdel og innspurten. • 	<ul style="list-style-type: none"> • Lite presentasjon av korleis paratekstane kan vere med på å hjelpe eleven når dei

			les teksten.
--	--	--	-----------------